Nytt om namn

Meldingsblad

for Norsk namnelag

Nr. 27-1998

Oslo 1998

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 27 1998

Redaksjonen er avslutta 11. juni 1998

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR
G. Akselberg: Kven eig stadnamna? 2
NORSK NAMNELAG
Referat frå styremøtet i Norsk namnelag i Trondheim 11. mai 1998 4
KONFERANSAR OG MØTE
Møte i Samarbeidsnemnda for navnegransking 5
NORNA-nytt 5
Den 12. nordiske namneforskarkongressen 6
Komande symposium og konferansar 6
ICOS 2002 – frå Noreg til Sverige? 7
ANNA MELDINGSSTOFF
Etterlysing 7
NORMERING OG BRUK AV NAMN
Klagenemnda for stadnamnsaker 8
Eigedomsretten til stadnamn i juridisk lys 16
Namnsetjing i solsystemet 19
Misbruk av stadnamn 21
Bør *Pil* tillatast som førenamn? 21
NAMNEKONSULENTTENESTA
Nytt frå namnekonsulenttenestene 22
ARTIKLAR OM NAMN
V. Haslum: Bustadnamna på hovudkartserien 22
K. M. Holsbøvåg: Jærmannburet 28
M. Myhren: Hein, Krekkja, Sundre og appellativet *hei/hæ* 29
BOKMELDINGAR
Nyutgåve av Aasens namnebok 33
Stadnamnbok frå Tysfjord 35
Frå skuff til skjerm 36
NORNA-rapport 63: Ägonamn 37
NORNA-rapport 64: Byens namn 37
Årsmelding SNA 1996 38
Kongressrapport frå Aberdeen 38
Ei annleis namnebok i kjømda 39
OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER 40
NAMNELITTERATUR – TIL SALS PR. 1.6.98 43
Nyttige e-postadresser og web-sider 49

LEIAR

KVEN EIG STADNAMNA?

I prinsippet er alle stadnamn frie. Det er såleis ingen person eller institusjon som eig dei, og vi står fritt til å bruka dei som vi vil i vitskapleg eller annan samanheng. Oftast er stadnamna vortne til i eit fellesskap der dei har ein praktisk og orienterande funksjon, og difor er dei alt frå starten felleseige. Dei som fyrst gav ein lokalitet namn, har ikkje monopol på eller eigedomsrett til namnet.

Av di ingen einskildperson eller organisasjon eig stadnamna, er det fritt fram for alle å samla inn namna, og å laga namnelister eller namnesamlingar av forskjellig slag.

Kvart år vert det samla inn tusenvis av stadnamn, og for forskinga si skuld får vi berre håpa at det vert samla inn endå fleire, særleg av dei gruppene som no raskt vert borte. Det kjem jamt og trutt inn nye namn til stadnamnarkiva ved universiteta. Dessutan har det til nyleg kome inn mykje namnemateriale gjennom dei store fylkeskommunale innsamlingsprosjekta i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og i Rogaland. Hovudfagsstudentar samlar og inn namn som ein lekk i hovudoppgåveprosjekt, og i tillegg vert det kvart år samla inn namn av privatpersonar som ikkje er knytte til dei vitskaplege miljøa.

Men stadnamna skal ikkje berre samlast inn, sorterast og arkiverast, dei skal også nyttast. Særleg no når vi i norsk namnegransking ser ei aukande teoretisk interesse, er det viktig å ha eit breitt grunnlagsmateriale som representerer forskjellige bruksområde og forkjellige geografiske område, materiale som representerer ulike komposisjonstypar og ulike denotasjons-tilhøve osv., og som ein kan prøva hypotesane mot. På denne måten vil vi få større språkleg, namnevitskapleg og kulturell innsikt. Det er difor av vitskap-leg interesse at dei innsamla namna er tilgjengelege.

Men korleis er det med eigedomsretten til stadnamna som er samla inn? Stadnamnarkiva ved universiteta er opne for alle, og både forskarar og allmenta kan venda seg til arkiva for å få opplysningar om stadnamn. Stadnamnavhandlingar som er skrivne av hovudfagsstudentar, er også tilgjengelege for forskarar og allmenta ved universitetsbiblioteka, ved dei nordiske institutta og ved stadnamnarkiva. For fylkeskommunale, kommunale og private samlingar er det ofte annleis. Av praktiske og ideologiske grunnar er ikkje desse alltid like lett tilgjengelege.

Stundom er det naturleg at tilgangen til namnesamlingar er avgrensa for ei kortare tid. Så lenge hovudfagsstudentar og andre vitskapleg tilsette arbeider med eit nyinnsamla materiale, er slike samlingar ikkje alltid tilgjengelege, men som regel gjeld dette berre ein avgrensa periode. Private samlingar ligg derimot ofte i ubestemt tid medan ein ventar på at dei skal

koma til nytte på ein eller annan måte. Eller dei kan for privatpersonar ha sin eigenverdi som samling. Men ein kan som regel få tilgang til slike samlingar dersom ein skal nytta dei til eit særleg forskingsføremål. Det same gjeld stort sett dei kommunale og fylkeskommunale samlingane.

Namnemateriale knytt til hovudfagsoppgåver kan dessutan, etter at avhandlingane er avslutta, vera utilgjengeleg på grunn av at dei er klausulerte; forskaren har planar om å bruka materialet som grunnlag for ei vidare bearbeiding eller utviding av hovudfagsoppgåva. I praksis er det få som held fram med slike studiar, slik at klausulering i prinsippet eigentleg burde opphevast. No er det heldigvis berre få som klausulerer hovudfags–avhandlingane og namnematerialet sitt, slik at klausulering ikkje er noko stort problem.

Når det gjeld materiale som er samla inn i offentleg regi og med offentlege midlar, må desse i prinsippet vera tilgjengelege for alle og kunna nyttast til forskingsføremål. På kommunalt og fylkeskommunalt plan er det likevel ulik praksis med omsyn til forvalting av den innsamla namneskatten. Av praktiske årsaker er ikkje alle like tilgjengelege.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har gått sine eigne vegar ved å leggja heile det innsamla materialet ut på internett, slik at kven som helst kan søkja på matrikkelgard, utmerkingslekk, hovudlekk osv. Eit anna godt døme er Fjell kommune på Sotra som har ei avdeling med kart og namnesetlar over innsamla materiale, etter mønster av og kopiar frå Stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen, og som er tilgjengeleg for den lokalt namneinteresserte.

Verre er det dersom einskildpersonar eller institusjonar gjer krav på eigedomsretten over eller forvaltingsretten for namn samla inn med offentlege midlar eller i offentleg regi. Diverre har det vore ein tradisjon i vitskaplege miljø at einskilde personar har fått hevd eller monopol på ei gitt problemstilling eller eit gitt materiale, også innan namnegranskinga. Dette er uheldig både for dei lokale namnemiljøa og for norsk namnegransking i det heile.

Så lenge namnematerialet ligg i ubearbeidd form som lister, samlingar eller som datafiler der ein kan søkja på visse sider ved namna, må det vera fritt tilgjengeleg. Heller ikkje som innsamla materiale må nokon ha eller kunna krevja eigedomsrett over stadnamna. Dei offentlege styresmaktene på fylkes- og kommuneplan må arbeida meir for å gjera eigne samlingar tilgjengelege. Den nye stadnamnlova og dei nye reglane for datasamlingar vil nok rydda opp i mykje av dette, men vi må heile tida arbeida for at stadnamnmateriale er fritt tilgjengeleg, til bate for norsk namnegransking generelt og for allmenta spesielt.

Dei kommersielle sidene ved bruk av stadnamn er derimot ei heilt anna historie.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

REFERAT FRÅ STYREMØTET I NORSK NAMNELAG I TRONDHEIM 11. MAI 1998.

Måndag 11.5.1998 vart det halde styremøte i Norsk namnelag i Trondheim. Desse møtte: Gunnstein Akselberg, leiar, Gulbrand Alhaug og Peter Hallaråker. Botolv Helleland og Lars Vikør møtte frå redaksjonen av Nytt om namn.

Alhaug la fram ei kort skriftleg orientering om framdrifta i arbeidet med Norsk namnebibliografi i maskinlesbart format, som primært vil byggje på bibliografiske arbeid utførte av Terje Larsen (stadnamn) og Kristoffer Kruken og Terje Aarset (personnamn). Han reiste spørsmålet om det ville vere mest føremålstenleg å ordne namnebibliografien i to delar, ein for stadnamn og ein for personnamn, eller i ein felles bibliografi for alle slags namnetypar.

Akselberg orienterte om innhaldet av Namn og Nemne, hefte 15, 1998. Han etterlyste fleire fagartiklar frå norske namnegranskarar, også artiklar om andre namnetypar enn stadnamn og personnamn. Hallaråker etterlyste opptrykk av sentrale klassiske artiklar som er vanskeleg tilgjengelege. Akselberg nemnde også at redaksjonen vil halde fram med den redaksjonelle lina som hadde vore følgd til no: 1) prenting av artiklar på høgt vitskapleg nivå, og 2) bokmeldingar på høgt nasjonalt nivå. Styret gav tilslutning til den redaksjonelle lina som er vald.

Helleland la fram eit oversyn over det planlagde innhaldet i Nytt om namn, hefte 27, 1998.

Leiaren orienterte om økonomien i laget, som må seiast å vere rimeleg god med ca. kr 76 000 innestående på konto og med om lag 350 abonnentar. Men endringar når det gjeld redaksjon og produksjon av Namn og Nemne og Nytt om namn kan føre til auka redaksjons- og produksjonsutgifter. Han sa at arbeidsmengda for redaksjonen av Namn og Nemne no var vorten så stor at nye løysingar burde vurderast. Ei løysing kunne vere å ta opp til drøfting med eit aktuelt forlag overtaking av heile ansvaret for utgjevinga etter nærare avtale med namnelaget. Helleland reiste spørsmålet om ikkje tida var moden for å slå saman Namn og Nemne og Nytt om namn. Hallaråker gav uttrykk for at dette truleg ville vere ein føremon, medan Alhaug presiserte at ei samanslåing ville kunne få økonomiske konsekvensar m.a. når det galdt tilskot frå Noregs forskingsråd. Styret gjekk inn for å be fagmiljøet drøfte føremoner og ulemper ved ei eventuell samanslåing av Namn og Nemne og Nytt om namn.

Botolv Helleland gav uttrykk for at innsamling av stadnamn framleis måtte vere ei viktig oppgåve for namnelaget. Mange kommunar og regionar i landet har ikkje sett i gang systematisk innsamlingsarbeid. Dei burde oppmuntrast til dette av namnelaget, som eventuelt også kunne gje dei fagleg hjelp. Omfanget og organiseringa av slike prosjekt vart kort drøfta. Mønsteret kunne t.d. vere innsamlingsarbeida i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland. Peter Hallaråker sa at ei tilknyting til Statens kartverk ville vere fruktbar etter hans røynsler med Statens kartverk Møre og Romsdal. Elles

ville sjølvsagt tilknyting til Teknisk etat i kommunen alltid vere aktuell. Styret støtta dette synspunktet og ville sjå positivt på tiltak for å få sett i gang innsamling av stadnamn i kommunar og regionar der det ikkje har vore gjennomført slik innsamling. (Sjå eige punkt nedanfor om regionale samlingar).

Etter oppdrag frå Norsk namnelag har professor Birger Stuevold Lassen laga ei utgreiing om rettar og plikter i samband med innsamling og publisering av stadnamnmateriale. Det vart ikkje tid til å drøfte grundig innhaldet i utgreiinga, men det var semje om at for namnelaget vil ho vere ei nyttig hjelp. (Sjå eigen artikkel om dette på s. 16-19.)

PH

KONFERANSAR OG MØTE

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAVNEGRANSKING

Mandag 11. mai hadde Samarbeidsnemnda for navnegransking møte på universitetet i Trondheim (NTNU). Til stede på møtet var to representanter fra hvert av de fire universitetene, samt en representant fra Høgskolen i Volda (i alt ni).

Ola Stemshaug (NTNU) ble gjenvalgt som leder av Samarbeidsnemnda for perioden 1998-2000, og Botolv Helleland (UiO) ble gjenvalgt som nestleder.

Blant orienteringssakene kan nevnes Norsk navnebibliografi og NORNAs engelskspråklige antologi over nordisk navnelitteratur, som begge er under arbeid.

Blant de ordinære sakene kan nevnes evaluering av Lov om stadnamn og revisjon av Lov om personnamn, utveksling av hovedoppgaver om navn, tilgang til personnavndata i forskingsøyemed, tilgang til ONOMASTICA-materialet, oversikt over regionalt plasserte navnesamlinger, samt forarbeid til Rygh-symposiet i 1999.

Som ekstrasak drøftet møtet blant annet spørsmålet om flerspråklig navnemateriale på kart.

Eli J. Ellingsve
Bergen

NORNA-NYTT

NORNA-styret har møte i Helsingfors 12. juni, dvs. dagen før den 12. nordiske namneforskarkongressen tek til i Tavastehus, ca. 10 mil nord for Helsingfors – både møtet og kongressen er såleis fortid når dette blir lesi. Av dei sakene som skal opp, kan ein nemne at NORNA nå skal leggas inn på

Internett. Såleis vil ein der kunna finna ei liste over namnelitteratur som er i handelen i Noreg - jf. det oversynet som er presentert i dette nummeret av *Nytt om namn* (s. 43-48). På lengre sikt er det tanken å legga inn ein nordisk namnebibliografisk database på heimesida til NORNA.

Møtet i Helsingfors er det siste i dette NORNA-styret. Det er nå København som tek over etter Uppsala i leiinga av NORNA. Dette inneber bl.a. at sekretariatet, som i denne perioden har vori i Uppsala, blir flytt til København. Det nye NORNA-styret blir konstituert på NORNA-kongressen i Tavestehus 16 juni. NORNA-representasjonen frå Noreg går på omgang mellom universiteta. I den perioden som nå er tilbakelagt, satt Gulbrand Alhaug som representant og Aud-Kirsti Pedersen som vararepresentant. Representasjonen går nå over frå Tromsø til Bergen universitetsområde. Etter reglane er det kongressdeltakarane frå dei einskilde landa som vel representantane i NORNA-styret. I neste nr. av *Nytt om namn* kjem resultatet av valet.

DEN 12. NORDISKE NAMNEFORSKARKONGRESSEN

Den 12. nordiske namneforskarkongressen blir arrangert i Tavastehus (Hämeenlinna) i Finland frå 13. til 17. juni. Det er påmeldt 78 deltakarar, 10 av dei frå Noreg. Dei som har foredrag med tilknyting til Noreg, er:

Kristin Bakken: Fonologisk endring i personnavn og dialekt. En komparativ analyse av materiale fra Fyresdal i Telemark.
Åse Kari Hansen: Analyse av normannerbosetningens stedsnavn. En metode–diskusjon.
Elin Vanja Karikoski: Ruijafinske slektsnavn i endring.
Tuula Eskeland: Lyyli Kokkonens navnemateriale fra Finnskogene.
Kaisa Rautio Helander: Samiske og norske kommunenavn i Norge – dobbelt–navn eller tospråklige navn?
Anders Løøv: Sørsamenes valg av dåpsnavn på 1700-tallet og 1800-tallet.

Som ein ser, er det kvinnene som nå er dei aktive i norsk namnegransking. Dessutan gjeld heile fire av dei seks foredraga samiske og finske namn i Noreg.

GA

KOMANDE SYMPOSIUM OG KONGRESSAR

- Oluf Rygh-symposium (NORNAs 27. symposium), Stiklestad 13-15 mai 1999. Emne: Stadnamngransking, arkeologi og historie.
- XXth International Congress of Onomastic Sciences, Santiago de Compostela, Spania, september 1999.

ICOS 2002 - FRÅ NOREG TIL SVERIGE?

Våren 1997 kontakta sekretariatet for ICOS (International Council of Onomastic Sciences) underskrivne med spørsmål om Noreg kunne ta på seg å arrangera Den 21. internasjonale namnegranskarkongressen i 2002. Saka vart drøft uformelt på Seksjon for namnegransking, som ville vera det mest aktuelle miljøet bak eit slikt lyft. Ein del førebuingsarbeid vart gjort med tanke på det praktiske opplegget. Men i januar 1998, då saka var oppe på møte i seksjonen, gjekk eit stort fleirtal av dei tilsette imot å stå som arrangør med den grunngjevinga at det ville kosta for mykje av tid og krefter sett på bakgrunn av dei ressursane ein hadde til rådvelde. Dessutan meinte fleirtalet at andre prioriterte oppgåver ville lida for mykje. Det var likevel støtte for at saka vart oversend Samarbeidsnemnda for namnegransking med tanke på at dette var ei nasjonal oppgåve.

Eit fleirtal i Samarbeidsnemnda meinte det var viktig å utnytta dei høva som ein internasjonal kongress ville gje, både når det galdt eiga kompetanse–oppbygging og internasjonalt fagleg renommé, og at det burde la seg gjera å skaffa dei ekstraressursane som trongst. Det viste seg likevel uråd å få eit einskildmiljø til å ta på seg tiltaket, og Samarbeidsnemnda måtte melda attende til ICOS at Noreg ikkje var i stand til å ta mot tilbodet.

Tidlegare har det vore halde ein internasjonal namnegranskarkongress i Finland, og no ser det ut til at kongressen i år 2002 og kan haldast i eit nordisk land, etter som Sverige ved namnemiljøet i Uppsala har sagt seg interessert i å stå som arrangør. Formelt vert saka avgjord på den 20. ICOS-kongressen i Santiago de Compostela i Spania i 1999. Kven dei norske representantane skal støtta, treng det ikkje vera tvil om. Noreg fekk OL – svenskane lyt få ICOS 2002!

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

ETTERLYSING

I serien Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda er *Norsk Navnebog* (1878) av Ivar Aasen komen i ny utgåve ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. I november laga eg ein omtale av den nye utgåva, og saman med ein tingarsetel gjekk dette tilfanget ut til alle medlemer av Norsk namnelag. Ei av tingingane som kom inn, var send frå Stavanger 6. desember, men avsendaren hadde gløymt å skrive namn og adresse. Kan han eller ho som sende denne tinginga, gjere vel og kontakte meg om dette snarast? Adresse: Terje Aarset, Høgskulen i Volda, 6100 Volda.

Terje Aarset
Volda

NORMERING OG BRUK AV NAMN

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Nedanfor følgjer eit oversyn over dei sakene som klagenemnda for stadnamnsaker har behandla ferdig i perioden 25.10.96 t.o.m. 13.2.98.

Nr	Påklaga namneform Kommune Fylke Namnetype Vedtaksorgan	Klagar og klagars ønske	Vedtak i nemnda
1	Flotten Surnadal Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Flåtten	Flotten
2	Arasvika Aure Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Aresvik	Arasvika
3	Bergem Surnadal Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane og kommunen: Bergheim	Bergheim
4	Lærem Rauma Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Lerheim	Lerheim
5	Holmbrottjenna Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Holmbrettjenna	Holmbrottjenna
6	Litlskarven Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Litjskarven	Litjskarven

7	Latøyan Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Latøyene	Latøyene
8	Prestfossan Selbu Sør-Trøndelag seternamn Statens kartverk	Kommunen: Prestfossene	Prestfossene
9	Oppdal Steinkjer Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Opdal	Oppdal
10	Ålmo Snåsa Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Tre av fire grunneigarar: Almo	Ålmo
11	Gjerdøyvær Rødøy Nordland naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Gjerøyvær	Gjerdøyvær
12	Kaldvatnet Rana Nordland naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Kalvatnet	Kallvatnet
13	Ytstebrød Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Østebrød	Ytstebrød
14	Segleim Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Seglem	Segleim
15	Skjelbreid Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Skjelbred	Skjelbreid

16	Auglend Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Øglend	Auglend
17	Skora Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Skåra	Skåra
18	Puntarvoll Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Puntervoll	Puntarvoll
19	Svånes Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Svanes	Svånes
20	Ledre Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen og grunneigar: Lædre	Lædre
21	Grødeim Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Grødem	Grødeim
22	Åmdal Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Omdal	Åmdal
23	Heggdal Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Hegdal	Heggdal
24	Lia Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Lien	Lia

25	Nodland i Heia Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Nodland i Heie	Nodland i Heia
26	Kjervall Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Kjervald	Kjervall
27	Mjølhus Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen og grunneigar: Melhus	Mjølhus
28	Øygrei Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Øgreid	Øygrei
29	Svinland Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Svindland	Svinland
30	Havsøya Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Havsø	Havsøya
31	Eide Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Eie	Eide
32	Eige Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Ege	Eige
33	Buarskog Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Buerskog	Buarskog

34	Eigeli Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Egeli	Eigeli
35	Dranga Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen og grunneigarar: Drange	Drange
36	Grøning Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Grønning	Grøning
37	Skeipstad Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Skipstad	Skeipstad
38	Pollo Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Polden	Pollo
39	Øya Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen og grunneigarane: Øen	Øya
40	Øygrei Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Øgreid	Øygrei
41	Gydalen Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Gydal	Gydal
42	Lia Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Lien	Lia

43	Hogstad Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Haugstad	Hogstad
44	Svålestad Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Svalestad	Svålestad
45	Epteland Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Efteland	Epteland
46	Myssingen Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Messing	Myssingen
47	Eigeland Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Egeland	Eigeland
48	Øvra Åmdal Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Øvre Omdal	Øvre Åmdal
49	Nedra Åmdal Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Nedre Omdal	Nedre Åmdal
50	Brynnesland Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Brynningsland	Brynnesland
51	Eigelandsdalen Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Egelandsdalen	Eigelandsdalen

52	Eigeland Eigersund Rogaland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Egeland	Eigeland
53	Syltøyna Fjell Hordaland bruksnamn Statens kartverk	Syltøy grendalag: Syltøy	Syltøyna
54	Hissøyna Fjell Hordaland bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Hitsøy(na)	Hissøyna
55	Lokøyna Fjell Hordaland bruksnamn Statens kartverk	Oppsitjarane: Lokøy	Lokøyna
56	Turøyna Fjell Hordaland bruksnamn Statens kartverk	Turøy Fellesutval: Turøy	Turøyna
57	Slindan Selbu Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Slind	Slindene
58	Vorda Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Vora	Vorda
59	Vordfjellet Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Vorfjellet	Vordfjellet
60	Kjelda Bindal Nordland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Kjella	Kjella

61	Øya Bindal Nordland bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Øyen, ev. Øyå	Øyå
62	Nese Fjell Hordaland bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Nesse	Nese
63	Teskja Sunndal Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Torske	Torske
64	Setran Sunndal Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Sætran	Setran
65	Lauvøya Flatanger Nord-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Løvøya	Lauvøya
66	Haustlandet Flatanger Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Høstlandet	Haustlandet
67	Austvika Flatanger Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Kommunen og grunneigar: Østvika	Austvika
68	Vikdalen Flatanger Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Vikdal	Vikdalen
69	Havsteinen Flatanger Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Havstein	Havsteinen

70	Røsand Averøy Møre og Romsdal namn på bustadfelt Averøy kommune	Statens kartverk Møre og Romsdal: Raudsand	Røsand
71	Røsandåsen Averøy Møre og Romsdal vegnamn Averøy kommune	Statens kartverk Møre og Romsdal: Raudsandåsen	Røsandåsen
72	Horsgora Molde Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarar: Horsgård	Horsgård
73	Risbruøya Rauma Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	Istra vilt- og fiskelag: Risbruøyna	Risbruøya
74	Stugudal Tydal Sør-Trøndelag grendenamn Tydal kommune	Statens kartverk Sør-Trøndelag: Stuggudalen	Stugudalen

Terje Larsen
Oslo

EIGEDOMSRETTEN TIL STADNAMN I JURIDISK LYS

Juridiske rettar og plikter i samband med innsamling, bruk og publisering av innsamla stadnamn

Mange av dei som har drive med innsamling, bruk og publisering av stadnamn i privat eller offentleg regi, har vore borti juridiske spørsmål som gjeld opphavsrett, rettar og plikter i samband med slikt tilfang. Kva seier åndsverklova om dette? Norsk namnelag har bede professor i privatrett ved Universitetet i Oslo, Birger Stuevold Lassen, å lage ei enkel utgreiing om desse spørsmåla. For ein lekmann er vel ikkje utgreiinga heilt enkel, men ho vil truleg vere juridisk avklarande. Med fare for å ha utelate viktige modifikasjonar har eg nedanfor laga eit forenkla referat av innhaldet av denne utgreiinga. Dei som ynskjer kopi av heile utgreiinga, kan vende seg til underskrivne.

Utgangspunktet for dei rettslege vurderingane må vere at fakta i seg sjølv er frie og såleis ikkje kan eigast av nokon. Når det gjeld innsamla opp–

lysningar om fakta, er forholdet det at den som har gjennomført innsamlinga, i utgangspunktet er den einaste som har det fysiske materialet (oppteikningar, lister osv.) som innsamlinga er nedfelt i. Og dette fysiske materialet kan innsamlaren i utgangspunktet nekte å levere frå seg, eller levere det frå seg på visse vilkår, som då vil innebere avtalte avgrensingar i bruken av materialet.

Ein må skilje mellom to typar bruk, nemleg 1) bruk av tilfanget som forskings- og studiemateriale og 2) utgjeving (gjerne, men ikkje nødvendigvis av kommersiell karakter) eller anna spreiing av delar av samlinga. Og då meiner ein nettopp delar av samlinga, og ikkje utnytting av ei større eller mindre mengd einskildopplysningar frå henne.

Opphavsrett i eigentleg forstand, dvs. opphavsrett til åndsverk, vil ein vanskeleg kunne ha til ei stadnamnsamling. Opphavsrett får ein til arbeid som er prega av ein skapande individuell innsats frå opphavspersonens side. Og det vil ein ikkje kunne tale om der innsatsen har vore innsamling og ordning etter metodiske eller systematiske kriterium. Skal det bli eit åndsverk av det, vil det måtte vere laga ein artikkel der ein drøftar element i dette.

I åndsverklova, kap. 5 om "Andre rettigheter", finst det likevel eit punkt om at formular, katalog, tabell og liknande arbeid som samanstiller ei større mengd opplysningar, ikkje må ettergjerast utan samtykke frå opphavspersonen før det er gått ti år etter at arbeidet vart utgjeve. Denne fastsetjinga vil gjelde dei fleste namnesamlingar. Ein må merke seg at den vernar samanstillinga, ikkje dei einskilde data. Og den som er verna av dette punktet, er den som har brukt tid og pengar på samanstillinga, og ikkje den som har levert opplysningar som går inn i henne. Ved ettergjering forstår ein framstilling av eksemplar av heile eller delar av samanstillinga.

Vernetida blir rekna frå utgjevingsåret, dvs. frå det året då eksemplar av samanstillinga med samtykke frå den som har opphavsretten, første gong vart spreidd blant ålmenta eller lagd ut for sal. Skjer det inga utgjeving, må ein gå ut frå at vernet gjeld for alltid. (I Danmark er det her sett ei grense på 15 år.)

Ut over dette finst det ikkje reglar av opphavsrettsleg karakter når det gjeld innsamling, bruk og publisering av stadnamn. Men det må understrekast at eigaren av ei namnesamling vil kunne ha styring med kven som skal få tilgjenge til samlinga. Retten til fri bruk av einskildopplysningar i ei slik samling omfattar ikkje ein rett til å kome inn i det rommet der samlinga er, og til å bla i henne. Dette må innebere at den som på eige initiativ samlar inn namn, i utgangspunktet har all den rett til samlinga som hans fysiske maktposisjon kan gje han. Han har ikkje plikt til å vise henne til nokon. Er samlinga laga etter oppdrag, blir det i prinsippet oppdragsavtalen som er inngått mellom innsamlaren og oppdragsgjevaren som avgjer rettstilhøvet mellom dei når det gjeld råderetten over det innsamla materialet. Ofte vil det kanskje ikkje vere gjord nokon særskild avtale om dette. Då må ein leggje til grunn det ein meiner må reknast som avtalt.

For åndsverk som blir utførte i teneste for andre, er regelen i norsk rett at "prinsipalen vinner den rett over åndsverket som er nødvendig og rimelig, hvis arbeidsavtalen skal nå sitt formål, men heller ikke mere", ei setning som har fått status som sedvanerett. Og det må vere klart at ein oppdragstakar som

berre samlar inn data og ikkje skaper noko åndsverk, iallfall ikkje kan ha sterkare stilling enn den som skaper eit åndsverk. Ein må kunne leggje til grunn at der innsamlinga skjer som betalt oppdrag etter initiativ frå oppdragsgjevaren, må både det fysiske materialet og alle rettar til det tilfalle oppdragsgjevaren.

Personale ved namnearkiv som er tilsette for å drive med samlingane, må som utgangspunkt gjennom tilsetjinga ha gjeve frå seg alle krav om rettar til det dei samlar inn og ordnar. Men unntak kan tenkjast, t.d. der den tilsette bruker heile ferien til å samle inn namn frå ein heilt annan landsdel enn den arkivet gjeld for. At han planlegg ei doktoravhandling på grunnlag av materiale som han samlar inn innanfor området til eige arkiv, kan likevel ikkje gje han rett til å halde attende denne delen av det innsamla materialet. Og han må yte vanleg service til forskarar som vil bruke slikt materiale.

Når det gjeld tilfang som andre har samla, og som blir overlate til arkivet, blir det avtalen som er avgjerande. Ein gjevar må også kunne klausulere slikt tilfang.

Eit privat namnearkiv vil i utgangspunktet stå fritt med omsyn til kven som skal få tilgjenge til arkivet. Med eit offentleg arkiv er det annleis. Eit offentleg arkiv forvaltar offentleg arkivmateriale, og det skal forvaltast ut frå dei omsyn ei forsvarleg utføring av denne oppgåva tilseier. Den bruken forskarar kan gjere av samlingane i eit offentleg arkiv for studieføremål, vil prinsipielt vere utan grenser. Det er berre utgjevingsretten etter § 43 som må respekterast. Den gjeld til fordel for den som har etablert samanstillinga, også der dette er eit offentleg arkiv.

Databasedirektivet av 1996 pålegg EØS-landa å innføre "sui generis-rett", dvs. ein særrett for framstilling av databasar. Reglar for dette skal vere gjennomførte i den nasjonale lovgjevinga innan 1. januar 1998, men så langt er det ikkje framlagt noko lovforslag. Dei sentrale direktivføresegnene inneheld følgjande hovudpunkt:

(1) Når innsamling, kontroll eller presentasjon av innhaldet i ein database ut frå eit kvalitativt eller kvantitativt synspunkt er uttrykk for ei vesentleg investering, skal EØS-landa sikre framstillaren av databasen ein rett til å forby utdrag og/eller gjenbruk av heile innhaldet i basen eller ein vesentleg del av det, vurdert kvalitativt eller kvantitativt.

(2) Offentleg utlån er ikkje utdrag eller gjenbruk.

(3) Framstillaren sin rett kan overdragast, overførast eller lisensierast ved kontrakt.

(4) Framstillaren sin rett gjeld utan omsyn til om databasen er gjenstand for opphavsrett eller anna vern.

(5) Gjentekne og systematiske utdrag og/eller gjenbruk av uvesentlege delar av innhaldet i databasen, som kan sidestillast med handlingar som strir mot ei normal utnytting av basen, er ikkje tillate.

(6) Framstillaren av ein database som er gjord tilgjengeleg for ålmenta, utan omsyn til måte, kan ikkje hindre den som har rett til å nytte seg av basen, i å trekkje ut og/eller gjenbruke uvesentlege delar av innhaldet.

(7) EØS-landa kan fastsetje at den som har rett til å bruke ein database som er gjord tilgjengeleg for ålmenta, utan omsyn til måte, utan løyve frå baseframstillaren skal kunne trekkje ut og/eller gjenbruke ein vesentleg del av innhaldet i basen:

a) Når det er tale om utdrag til privat bruk av ein ikkje-elektronisk database.

b) Når et er tale om utdrag med tanke på illustrasjon eller undervisning eller forsking så sant kjelda blir oppgjeven.

c) Når det er tale om utdrag og/eller gjenbruk som skjer av omsyn til offentleg tryggleik eller med tanke på administrativ prosedyre eller ein rettsprosedyre.

(8) Retten for framstillaren oppstår på det tidspunktet då databasen vart framstilt. Den opphøyrer 15 år etter 1. januar i det året som følgjer etter den datoen då basen første gong vart gjord tilgjengeleg for ålmenta.

Når det gjeld forskingsetiske spørsmål, tilseier dei generelle forskingsetiske normene at ein er nøye med å gjere greie for det som byggjer på andre sine resultat, og at ein er varsam med å bruke andre sine idear eller tankar eller resultat før desse er publiserte eller offentleggjorde på annan måte. Men normalt vil ein ikkje sjå noko uetisk i å forske på område og innanfor problemstillingar der andre arbeider. Ein kan ikkje ha eit "etisk krav" på å få ha sitt materiale eller si problemstilling som eit freda felt.

Til slutt vil eg vise til Jon Bings artikkel "Rettslige aspekter ved elektronisk formidling av materiale fra arkiv, museum, bibliotek, universitet og visse andre institusjoner" i den nyleg utkomne boka *Fra skuff til skjerm,* sjå melding på s. 36 i dette nummeret; sjå og leiaren s. 2-3.

PH

NAMNSETJING I SOLSYSTEMET

Mons Hansteen – kva er det? Jau, eit fjell på Månen. Namnet er oppkalla etter den norske fysikaren og astronomen Christopher Hansteen (1784-1873). *Mons* er det latinske ordet for fjell, og altså ikkje eit førenamn. Det er ikkje urimeleg at Hansteen har fått namnet sitt knytt til eit punkt på ein himmellekam. Etter kvart som utforskinga av verdsrommet har skride fram, har eit aukande tal himmellokalitetar fått namn.

Kven er det så som fastset slike namn? Faktisk er det ein nordmann som har mest å seia i denne samanhengen. Professor Kaare Aksnes ved Institutt for teoretisk astrofysikk er formann i ein internasjonal komité som står for namnsetjing av lokalitetar i planetsystemet vårt. Komiteen ber det engelske namnet IAU Working Group for Planetary System Nomenclature (WGPSN). Aksnes har hatt dette ombodet sidan 1991. Utanom formannen har komiteen det sju medlemmer (fire frå USA, to frå Russland og ein frå Storbritannia). Det er underkomitear for namngjeving på seks område: 1. Månen, 2. Merkur, 3. Venus, 4. Mars, 5. Små himmellekamar, 6. Den ytre delen av solsystemet.

Tidlegare hadde FNs ekspertgruppe for geografiske namn (UNGEGN) ein underkomité for namn og namnsetjing i verdsrommet, men han vart lagd ned i 1987.

Kven som helst kan gjera framlegg om namn, som sjølvsagt må vera godt grunngjevne. Komiteen har sett opp ei liste på 148 punkt over ulike kjelder som er nytta i namngjevinga. Ei av kjeldene (nr. 136) er den engelske utgåva av P. A. Munchs bok om gude- og heltesegner (*Norse Mythology: Legends of Gods and Heroes.* The American-Scandinavian Foundation. New York 1942).

Ein kan få fullstendige opplysningar om arbeidet til komiteen på Internett. Web-adressa til komiteen er:
http://wwwflag.wr.usgs.gov/USGSFlag/Space/nomen/nomen.html

Nedanfor har eg saksa litt av den engelske teksten som er tilgjengeleg på nettet.

BH

NAMING OF EXTRATERRESTRIAL FEATURES

Planetary nomenclature, like terrestrial nomenclature, is used to uniquely identify a feature on the surface of a planet or satellite so that the feature can be easily located, described, and discussed.

When images are first obtained of the surface of a planet or satellite, a theme for naming features is chosen and a few important features are named, usually by members of the appropriate IAU task group. Later, as higher resolution images and maps become available, additional features are named, usually at the request of investigators mapping or describing specific surfaces, features, or geologic formations. However, anyone – either scientist or layman – may suggest a name or ask that a specific feature be named. Names considered appropriate by a task group are submitted to the WGPSN, which meets once a year. The WGPSN transmits its list of recommended names to the yearly meeting of the IAU's Executive Committee, which checks the names for conformity to IAU standards. Successful candidate names are then presented for adoption to the IAU's General Assembly, which meets triennially. A name is not considered to be official – that is, "adopted" – until the General Assembly has given its approval. Names approved by the Executive Committee, but not yet adopted by the General Assembly, are given "provisional" status. Provisional names may be published, so long as their status is noted in the publication.

Suggestions for naming a specific feature or requests that a specific name be used should be sent to the president of the WGPSN or to the chairman of the appropriate task group (see Appendixes 1 and 2 of this volume) or to the U.S. Geological Survey, Branch of Astrogeology, Rm. 409, 2255 N. Gemini Drive, Flagstaff, Arizona 86001, or by e-mail: jblue@flagmail.wr.usgs.gov.

MISBRUK AV STADNAMN

I Nytt om namn nr. 20 stod det ein artikkel om vern av stadnamn, og eitt av dei namna som var omtala, var *Portør brygge* og *Portørsenteret*. Eit utbyggingsselskap hadde nytta desse namna på eit nytt hytte- og tenestesenter i Finnsbudalen inst i Stølefjorden, 2,5 km sørvest for Portør i Telemark. Det kom protestar frå fleire hald, ikkje minst lokalt. Mange meinte med rette at det av omsyn til namnetradisjonen var uheldig å "flytta" namnet. Det hadde òg praktiske ulemper ved at folk som skulle til det "nye" Portør, hamna i det gamle Portør, og omvendt.

No har Kragerø kommune teke omsyn til protestane, og Hovudutvalet i kommunen har 5. mars 1998, etter framlegg frå velforeininga på staden, vedteke å gje senteret namnet *Haslumkilen Havn*. I dette høvet har altså namnevernet vunne over utbyggingsinteressene, noko som ikkje alltid er tilfelle. Ein annan ting er at det nye namnet burde skrivast *Haslumkilhavna* i samsvar med tradisjonelle norske namnelagingsprinsipp.

BH

BØR *PIL* TILLATAST SOM FØRENAMN ?

Etter personnamnlova kan ein ikkje velja "1. namn som det er fare for kan verta til ulempe for den som har det, 2. namn som er eller har vore i bruk til slektsnamn og ikkje opphavleg er eit førenamn. Departementet kan i særlege høve gjera unntak frå dette forbodet." Eit namn som tidlegare ikkje har vore tillate som førenamn, er *Birk*. Grunnen var at det likelydande *Birch* er nytta som slektsnamn, og Justisdepartementet har meint at *Birk* som førenamn ville koma i konflikt med den ovannemnde paragrafen i personnamnlova. Men i 1993 kunne *Nytt om namn* (nr. 17) opplysa at *Birk* likevel skulle godkjennast som førenamn, hovudsakleg på grunn av dei faglege argumenta som hadde kome fram, og som viste at *Birk* måtte reknast som eit opphavleg førenamn (sjå *Nytt om namn* 15 (1992)).

Ei parallell sak har no meldt seg. Nyleg fekk Seksjon for namnegransking spørsmål frå ei mor som ville ha hjelp til å få godkjent *Pil* som førenamn til sonen sin (faktisk same person som hadde bede om hjelp for å få godkjent *Birk*).Foreldra har fått avslag på *Pil* som førenamn på grunn av fare for samanfall med slektsnamnet *Pihl*. Det avgjerande spørsmålet vil her òg vera om det kan dokumenterast at det dreiar seg om eit opphavleg førenamn. Namnet finst ikkje i namnedatabasen til Statistisk sentralbyrå. Når det gjeld den historiske bruken, går ein gjerne fyrst til E. H. Linds verk om personnamn frå mellomalderen. Lind har faktisk registrert eit par belegg på Piil (normert til *Pfll*) både som førenamn og tilnamn. I band 7 av *Nordisk kultur* har Rikhard Hornby gruppert *Pil* under namn som inneheld ord for krig og strid.

Sjølv med berre eit par spreidde belegg bør *Pil* kunna gjevast status som opphavleg førenamn. Ein annan ting er om det er klokt å gje eit slikt namn, og

om ein kan vera viss på at det ikkje vert "til ulempe for den som har det". Det ligg forresten nær å spørja om ein eventuell nummer tre i den aktuelle syskenflokken skal få namnet *Boge*, som det faktisk finst eit par gamle belegg på. Skulle det verta ei jente, kan det opplysast at ei feminin form *Boga* og førekjem i den gamle litteraturen.

BH

NAMNEKONSULENTTENESTA

NYTT FRÅ NAMNEKONSULENTTENESTENE

Som meldt i dei to førre nummera av *Nytt om namn,* arbeider Kulturdepartementet med å evaluera lov om stadnamn. Også organiseringa av namnekonsulenttenesta blir vurdert. Det er ikkje sett nokon sluttdato for dette arbeidet.

Sekretæren for namnekonsulenttenesta i Nord-Noreg, Eva Forsaa Mikkelsen, har sagt opp stillinga si frå 1.8. 1998. Stillinga har vore utlyst, og det har meldt seg fire søkjarar.

Namnekonsulenttenestene skal ha sitt årlege samrådingsmøte i Tromsø 16.-17. september 1998.

Terje Larsen
Oslo

ARTIKLAR OM NAMN

BUSTADNAMNA PÅ HOVUDKARTSERIEN:
Bør dei bli markerte med ein særskild skriftkode?

Emnet for denne artikkelen er skriftkodinga av stadnamn på kart, eller sagt på ein annan måte: den typografiske normeringa av stadnamna. Spørsmålet er aktuelt av di det i Statens kartverk den siste tida har vore noko diskusjon om ei mogleg revidering av skriftkodane på den topografiske hovudkartserien i målestokken 1:50 000 (også kjent som M 711-serien og N 50-serien). Etter det eg har fått opplyst, er ønsket om ei endring av namneskrift-systemet kome frå Forsvaret.

Når ein går inn for systematiske endringar av form eller innhald på kartseriar, er det naturleg å stille visse krav:

1. Endringa må vere kartografisk akseptabel, og helst ei kartografisk forbetring.
2. Endringa bør gjere kartserien meir brukarvenleg.

Skriftkoding, bruk av differensiert typografi for å skilje ulike typar av stad–namnobjekt frå einannan, er eit viktig verkemiddel for å klarlegge sambandet mellom namn og referanse på eit kart. På den måten blir namne–verket lettlese og informativt. Den typografiske normeringa av stadnamna er derfor ei sak som ikkje berre Forsvaret, men også andre sentrale brukarar av hovudkartserien, ikkje minst det norske namnegranskarmiljøet, burde meine noko om.

Hovudtyngda av stadnamna er på hovudkartserien i dag delt inn i tre hovudklassar:

1. Konvekse landformer (fjelltoppar, o.l): Loddrett grotesk.
2. Våte objekt (vatn, vassdrag, myrar): Namneskrift i blått.
3. Andre objekt (vanlege bustader, setrar, dalar, lier, holmar og andre ting): Kursiv antikva.

Dei to første klassane må ein sjå på som særklassar. Dei markerte eigen–skapane er konveksitet og "våtheit". Den siste klassen fungerer i praksis som ein oppsamlingsklasse, der ein finn mange ulike objekt. Derfor kan ein seie at namn på fjelltoppar og myrar er døme på typografisk markerte stadnamn, medan gardsnamn, namn på dalar og holmar er døme på typografisk umar–kerte stadnamn.

Bruk av skriftkodar er som nemnt eit viktig visuelt verkemiddel, men mange ulike skriftkodar på eit kart ville verke forvirrande. Derfor må talet på skriftkodar alltid vere nokså avgrensa. At to topografiske objekt har ein svært ulik karakter, treng ikkje vere noko nødvendig grunnlag for differensiert skriftkoding. Til dømes har namnet på ein dal og namnet på ein holme i dag same typografiske skriftkode på hovudkartserien. Det må ein likevel vurdere som ei akseptabel løysing, av di "namneaktuelle" dalar og holmar kjem tydeleg fram i kartbildet. Når det derimot gjeld bustader, er det ikkje så enkelt og greitt. Eit gardsnamn kan ha referanse til noko som i dag er eit tettbygd område, eit våningshus, ei hytte, eller ein huslaus stad som blei fråflytta for mange år sidan. Me kan altså ikkje ut frå symbolbruken på kartet lese oss til kor dei tradisjonelle bustadene finst. Desse objekta manglar ei særskild markering i kartbildet, både med omsyn til symbol og med omsyn til namne–typografi. Frå ein kartografisk synsstad kan ein hevde at eit sentralt prinsipp i dette tilfellet ikkje er skikkeleg oppfylt, og det er prinsippet om at sambandet mellom namn og referanse alltid skal ha ei klar og tydeleg framstilling på eit kart. Ein kjend sveitsisk kartografiteoretikar, professor Eduard Imhof (1895-1986), har sagt det på denne måten: "Man soll stets leicht erkennen können, zu welchem Objekt ein Name gehört." (Imhof, E. 1962 [:95]: "Die Anordnung der Namen in der Karte." I: *Internationales Jahrbuch für Kartographie.* II:93-177).

Så langt det kartografifaglege; nå over til den praktiske brukarsida. Me veit at eldre faste bustader og bustadnamn har spesiell interesse for mange kartbrukarar, og spørsmålet blir da: Burde ikkje bustadnamna bli markerte som bustadnamn på hovudkartserien, og ikkje som umarkerte namn?

I dei siste åra har eg teikna fleire turkart i målestokken 1:25000 over områda rundt Kristiansand. Desse karta har eit rikt utval av stadnamn. Skriftkodinga følgjer hovudmønsteret til hovudkartserien, men med eitt viktig unnatak: Namn på bustader (gardar, grender, småbruk, bureisingsbruk, bufaste tomtebruk, nedlagde og huslause gardsbruk og husmannsplassar) er typografisk markerte med ein særskild skriftkode (versal kursiv antikva), slik at ein rett ut frå skrifta på kartet kan lese seg til kva for namn som gjeld bustader. Røynslene med denne ordninga er svært gode. Reaksjonane frå publikum har vore sterkt positive.

Noko ein i ei slik sak må take stilling til, er korleis ein skal definere fenomenet "bustad". Her meiner eg at det er viktig å avgrense omgrepet til det ein må rekne som normaltydinga av ordet, nemleg "fast bustad". Omgrepet "bustadnamn", svarer hos meg til det Ola Stemshaug i *Namn i Noreg* (1985:13) kallar "vanlege bustadnamn", til skilnad frå "seternamn" og "namn på bygd område" (byar og moderne bustad-konsentrasjonar). Skiljet mellom fast bustad og sporadisk tilhaldsstad er kulturhistorisk viktig. Normaltydinga av "bustad" er i *Nynorskordboka* omtala slik: "1. Stad, gard der ein bur eller kan seiast å ha heimen sin". "Bustad" (eller "buplass" som dei helst seier på mine kantar) har normalt tydinga "fast bustad". Når ein går tur saman med ein kjentmann, og han stansar opp ein stad og seier: "Her har der vore ein buplass!", så vil eg oppfatte denne ordbruken som eintydig: "stad der det tidlegare har vore fast busetting". Døme på (faste) bustader blir dermed gardar, grender, gardsbruk, tomtebruk med fast busetnad, husmannsplassar, og alle stader der det er eller har vore fast busetting. Eit seternamn er etter denne definisjonen ikkje eit bustadnamn. Eit seternamn kan, på same måten som eit naturnamn, bli til bustadnamn, men ingen namn kan utvikle seg den motsette vegen. Altså kan ein i normal praksis følgje denne regelen: Ein gong bustadnamn – alltid bustadnamn.

Eg meiner fleire gode grunnar talar for å innføre særskild typografisk markering av dei vanlege bustadnamna, og vil spesielt nemne desse:

1. Namn på faste bustader har ei udiskutabel særstilling i heile vår kultur. Desse stadnamna, og berre desse, er leverandørar av slektsnamn til det norske folket.
2. Bustadnamna har fleire språkstrukturelle særdrag. Dei eldste har gjerne eit hovudledd som nokså typisk merkar ut gamle gardsnamn i særskilde klassar. Yngre bustadnamn har gjerne opphavet sitt i eit opphavleg seternamn eller naturnamn på staden, slik at namneforma blir heilt identisk med namn på andre lokalitetar. Til dømes gjeld det bustadnamn som *Stølen, Langseter, Hestehagen, Lauvdalen, Haugen, Bjørkelia, Langholmen.*
3. Bustadene har fysiske og historiske særdrag som gjer at desse stadnamn–objekta skil seg ut frå andre topografiske objekt. Men desse kvalitetane får som nemnt inga eintydig framstilling gjennom symbolbruken på kartet. Store endringar i samfunnet har gjort at mange gamle gardar i dag er fråflytta. Mange tradisjonelle bustader ligg meir eller mindre huslause.

Typografi som lokalitetstype-markerande verkemiddel får auka aktualitet når andre kartografiske middel ikkje strekk til. På dette området er det stor skilnad mellom bustadobjekta og objekt som til dømes tettbygde strok, dalar eller holmar.

4. Eldre bustader og bustadnamn har heilt spesiell interesse for mange viktige brukarar av ein topografisk hovudkartserie. Ein kan her nemne namnegranskarar, arkeologar, lokalhistorikarar, kulturvernarar, areal-planleggarar – og ikkje minst: vanlege turgåarar.

I ein diskusjon om skriftkodinga må ein sjølvsagt vurdere kor problematisk ei slik endring vil vere å gjennomføre. Kva for tekniske problem som her vil gjere seg gjeldande, er eg ikkje den rette til å svare på. Derimot ser eg for meg to andre moglege problemområde. Det eine gjeld avgrensinga av fenomenet "bustad". Er definisjonen praktisk? Vil det vere mange tvilstilfelle? Det andre gjeld identifiseringa av bustadnamna: Ligg bustadnamna på hovudkartserien og det arkiverte namnematerialet føre på ein slik måte at ein lett kan lage ein systematikk for særskild skriftkoding?

Til det første spørsmålet er røynslene frå turkartarbeidet mitt at svært få tvilstilfelle skapar problem. Tvilstilfella gjeld som regel dei mest marginale bustadene, som normalt ikkje vil vere aktuelle å ha med på hovudkartserien.

Eit noko større problem er truleg knytt til kor godt namnetilfanget i dag er tilrettelagt for ei endring av skriftkoden. Truleg vil det på kvart enkelt kartblad vere vanskar med visse namn, og det gjeld i hovudsak namn på nedlagde, huslause småplassar. Her vil ein ha stor hjelp av eldre kjelder, som til dømes *Norske Gaardnavne, Norges Matrikkel* og ikkje minst eldre kartutgåver frå Norges geografiske oppmåling/Statens kartverk. Materiale frå prosjektet *Norske bustadnamn* burde sjølvsagt også ha interesse i denne samanhengen.

Når skriftkodesystemet på hovudkartserien for tida er eit aktuelt diskusjonstema, må det sjåast i samanheng med eit auka krav til systematikk som tvingar seg fram i oppbygginga av elektroniske stadnamnbasar. Ein kritikk som har kome mot den gjeldande skriftkoden, er at han ikkje har vore systematisk nok. Eit forslag som er framme, er å la skriftkodinga følgje strengt same mønster som i tradisjonell onomastisk klassifikasjonsteori, der ein dreg eit grunnleggande skilje mellom naturnamn og kulturnamn. Utvilsamt har ein slik idé noko for seg. Eg har likevel ikkje særleg tru på at ei mekanisk kopiering av logiske prinsipp frå den onomastiske klassifikasjonsteorien gir det beste utgangspunktet for ei kartografisk stadnamnklassifisering. Og grunnen til det er rett og slett at namn på kart fyller fleire ulike funksjonar. Kartografisk sett er stadnamna noko langt meir enn eit reint namneopplysningsinstrument. Namneskrifta er eit visuelt verkemiddel, som på ulike måtar verkar saman med andre visuelle verkemiddel, i eit system og ein heilskap som utgjer det totale kartbildet. Det kan me illustrere på fleire måtar. Relasjonane mellom typografi og symbolutval har eg tidlegare vore inne på; like eins kulturelle og historiske kvalitetar ved ulike objekt. Eit anna aspekt ved den visuelle funksjonen kan eg illustrere med eit døme frå kartbladet "Bergen". På dette kartbladet finn ein nokre stadnamn som er framheva med

ekstra stor skrift. Det gjeld til dømes namna BERGEN og SOTRA. Desse stadnamna, ein by og ei øy, har heilt lik typografi! Som namnegranskar vil eg sjå på ein slik klassifikasjon som ulogisk. Men dette er kartografi(!), og som kartograf vil eg fullt ut forsvare det som Statens kartverk her har gjort! Den visuelle funksjonen er i dette tilfellet noko ein kan kalle for ein "blikkfang-funksjon". Desse to namna er kjende haldepunkt, som skal innleie det kommunikative møtet mellom kartet og lesaren. Det er altså lett å finne eksempel som viser at det ikkje alltid er noko fullkoment eitt-til-eitt-samsvar mellom onomastisk klassifiseringslogikk og kartografisk logikk. Mitt syn er at all skriftkoding av namn bør ha utgangspunkt i denne enkle grunnproblem-stillinga: Kva for typar av stadnamnobjekt bør ha særskild typografisk mar-kering på kart, og korfor?

I praksis inneber dette eit syn som i stor grad er samanfallande med dei grunnprinsippa som har vore gjeldande i Statens kartverk, der nokre typar av stadnamnobjekt blir særskilt markerte. Andre namn kjem i ei oppsamlings-gruppe. Til dømes meiner eg det er ei effektiv og god løysing at namn på "stående" formasjonar får "stående" (loddrett) grotesk skrift i svart. Våte detaljar får skrift i blått. Til den umarkerte kategorien er kursiv antikva ein nøytral og god skriftkode. For dei mest høgtidelege stadnamnobjekta, kyrkjer og bustader, høver det nå som tidlegare best med ei eller anna form for antikva. På bustader har eg valt versalar, for å understreke den noko "bastante" og "faste" karakteren som bustadnamna har.

Her er me framme ved konklusjonen: Eg meiner det er svært mykje godt å seie om den typografiske behandlinga av stadnamn på hovudkartserien. Også på dette feltet har Statens kartverk ein god fagtradisjon å føre vidare. Hovud-innvendinga mi er at den typografiske oppsamlingsklasssen er for stor. Dei vanlege bustadnamna bør i framtida bli markerte med særskild skriftkode, slik at ein rett ut frå skrifta på kartet kan lese seg til bustadnamna. Det vil gjere namneverket meir informativt, og hovudkartserien blir enda meir praktisk for brukarane.

Vidar Haslum
Bergen

På neste side ser vi ei prinsippskisse over eit tenkt landskap. Fig. 1 framstiller namneverket på den tradisjonelle måten, med typografisk umarkerte bustadnamn. Fig. 2 viser det same området og namneverket, berre med den skilnaden at bustadnamna her er markerte med ein særskild skriftkode (her: versal kursiv antikva). Resultatet er at kartet og namneverket, på eit vesentleg punkt, er blitt mykje meir informativt.


Risdalen
Steindalen
Vikedalen
Vikedalen
Vik
Haugenes
Lia
VIK
Krokholmen
Listølen
Langholmen
Nystølen

Fig. 1.


RISDALEN
Steindalen
VIKEDALEN
Vikedalen
VIK
Haugenes
LIA
VIK
Krokholmen
LISTØLEN
LANGHOLMEN
Nystølen

Fig. 2.

JÆRMANNBURET

Høgaste punktet på den flate øya Gossa på Romsdalskysten har eit namn som blir uttala /"jæ:rmaŋbʉ:re/. Denne knausen når 99 m over havet. Amund Helland kallar høgda *Jelmanburet* i *Norges Land og Folk.* Namnet er skrive likeins på det gamle amtskartet. Kristian Opstad brukar to namneformer i *Bygdeboka 1. Aukra, Midsund, Sandøy.* Han skriv: "Gjermannburet (Jelmann-buret)". Opstad nemner to holer på vestsida av høgda: "Dei er nokså store. Namnet på fjellet siktar til desse holene. *Jel (jøl)* er eit vanleg namn på flog i fjellet eller ei stupbratt skåre. *Bur* er òg eit vanleg namn på fjelltoppar som likna eit bur (hus)", skriv Opstad. Ein må seia at dette er uklårt og lite overtydande.

Gossing og lokalhistorikar Johan Julnes kan fortelje at gjel er det ikkje her, og folk veit ikkje noko visst om tydinga av namnet. Julnes har ikkje funne noko som peikar mot at det kan vere familienamnet *Hjermann* ein har i stad-namnet. Ein må rekne med at namnet er gammalt sidan det er høgaste punktet på ei øy med gammal busetnad. I *Romsdals Budstikke* 2. august 1994 forsvarte Tor Erik Jenstad Namnekonsulenttenesta for Midt-Noreg mot åtak. Han skriv m.a.: "I Aukra kommune vil ein legge merke til at vi no har fått namneforma *Jærmannburet*, som er det næraste vi kjem opp til uttalen. Frå før stod *Gjeremannsburet* på kartet, med forslag til endring til *Hjermannburet.* I eit så usikkert namn fann vi det rett å legge oss så nær uttalen somr råd."

I vandresegna *Draugen i Vallarhaugen* som allereie Jens Nilssønn skreiv opp i 1595, er han som kjem forbi haugen i somme variantar av segna kalla *Gunnar Gjermann.* Rikard Berge meiner at ordet gjermann kan vere synonymt med gno. *gerðarmaðr.* Det skulle vere ein som stod for trakteringa ved gilde.

Det blir meining i namnet viss det er slik at høgda har vorte samanlikna med stabburet til verten ved gilde. *Bur* brukt som høgdenemning finn ein også på den andre låge øya i nærleiken, Herøya. Her har ein høgdene *Store* og *Litle Herøyburet.*

Gjermann er ikkje registrert i *Norsk Ordbok.* Når ein ser namnet som utolka, er det nok best å skrive *Jærmannburet* slik som det nok kjem til å stå på karta. Namneforma *Gjerdemannsburet* som har stått på ein del kart, er truleg laga av landmålarar.

Kjelder:
Norske Segner. Segner i utval. Det Norske Samlaget. Oslo 1981, s. 261.
Rikard Berge: *Drikke joleskaal. Norsk folkekultur.* Risør. 1924.

Kåre Magne Holsbøvåg
Kleive

HEIN, KREKKJA, SUNDRE OG APPELLATIVET HEI/HÆ
Nokre merknader

Hein* og *Krekkja

Hein er namn på tvo innsjøar i Hol og i Nore og Uvdal, *Øvre* og *Nedre Hein*, 1113 og 1075 m o h. Elvi gjennom desse vatni og ned i Lògen er gjerne kalla *Heinå(n)e*. Indrebø gjev opp uttalen /hain/ og /hæin/, og då eg (f 1937) voks opp i Ustedalen og Skurdalen, høyrde eg aldri noko anna. Indrebø har òg fenge oppgjeve /hai'æɳ/ (tjukk *rn*) og dativ /hai'ære/ (både med tonem 1) i Ustedalen utan å gjeva opp kjelde. Indrebø meiner dette tonemet kan vera litterært her. Amtskartet 1856 har ifylgje Indrebø "Heieren" (ogso originalen frå 1847) og "Heierenkj", men det er underleg at det ikkje finst minningar om denne formi i nyare mål. Dessutan skulle me helst ha venta tonem 2, /*hei`eɳ/ og /*hei`erkjønne/; jfr at det heiter *Ørteren* /øʈ`eɳ/, men *Ørterdalen* /øʈ`eɖa:ɳ/ nokre km nordanfor - utan fastvaksen bunden artikkel i samansetjingi; jfr òg dativ /hei'ære/ ovanfor.

Men me kan vel ikkje anna gjera enn å drøfta formene frå 1847 og 1856. Dei kan gjeva att ein uttale /hai'ɳ/ (kakuminal *rn* og tonem 1 liksom i opplysningane or Ustedalen), dvs at det kan vera samandraging; jfr **Kræðirinn* > uttala /krø:ɳ/ (*rn* kakuminal og tonem 1). Me kan gå utfrå ei norrøn form **Heiðir*, bundi form **Heiðirinn*, som kunne verta til **Heier(e)n* - og vidare samandrege til /*hæiɳ/ (tonem 1). Det kunne eit uøvt øyra tolka som /hæi'eɳ/; jfr *garden* og *stolen* (uttala /ga:ɳ/ og /stu:ɳ/ - både med kakuminal *rn* i bygdemåli her og med tonem 1 som i norsk elles). Lat meg ogso nemna at *leir* m (< *læger)* i bundi form *leiren* i søraustlandsk vert uttala /lei'æɳ/ (tonem 1 og tjukk *rn*). Men slik uttale høyrer ikkje heime i hallingmål; det einaste mogelege der er /*hæiɳ/ og /læiɳ/ - ikkje /hai'æɳ/ som hjå Indrebø. Dette gjer at eg tvilar på opplysningane han legg fram frå Ustedalen, og på evna hans til å gje att målføreuttalen grannvart nok. Dette kan ogso tyda på at han som noterte formene frå 1847/56 har vore frå Søraust-Noreg og tolka formene inn i målføresystemet der. Indrebø budde ogso i Vestre Aker frå han var 12 år og tok etter talemålet i nærmiljøet.

Er opplysningane frå 1847/56 og frå Ustedalen om lag 1930 likevel å lita på, var nok uttalen /*haiɳ/, og kakuminal *rn* har vorte utjamna til *n* etter 1850 eller noko seinare. Eit grunnlag for slik vokster /hæin/ (med rein *n*) < /*hæiɳ/ er nok at kakuminale samband (t d /ɳ/ av *rn*) er sjeldhøyrde etter *ei*, og tjukk *l* førekjem aldri i slik stode.

Formi *Hein* er nok opphavleg bundi form; jfr "Heieren", men det går ikkje fram av målføreformene som no er i bruk; jfr at det heiter /ein stein/ - /denna stein/ (for "steinen") og /ein rein/ - /denna rein/ (for "reinen"); dvs at i sterke hankjønnsord endande på -n vert den bundne artikkelen -(*e*)*n* assimilert med *n* i rotmorfemet. I hallingmål gjeld det same i dativ av sterke hokjønnsord som endar på *n* (ofte fastvaksen artikkel), t d /ei øyn/ 'øy' (< *eyin* el *ey(i)na*), men i dativ /utpå dessa øyn/ 'utpå den øyi'.

Kva slag opphav kan dette namnet *Hein* ha?

Me lyt nok gå ut frå eit rotmorfem med tviljoden *ei*. Ei mogeleg norrøn form **Heiðir* kan ein setja til: a) norr *heið* n 'klårver' og *heiðr* adj 'skyfri, klår, ljos' eller b) nno *heideleg* adj 'stussleg, audsleg, nustre, einsam' (Indrebø 78 frå Hallingdal). I so fall tyder *Hein* anten 'den ljose' eller 'den som ligg avsides, einsamt og for seg sjølv'; både tolkingane høver godt.

Krekkja er ogso namn på tvo innsjøar i Hol, *Store-Krekkja* og *Vesle-Krekkja*, 1151 og 1148 m o h, ovanfor Hein i same vassdraget.

Namnet er uttala /krèkkja/ og heng nok saman med *krake* og *krok*, dvs 'noko som bøyer seg', og til *kreka* stv opph 'bøya seg'. Men det er ingen grunn til å draga inn ei form **krakk* <**krankión* som Indrebø gjer (107).

Skrivemåten *Krækkja* på karti er ein vanskapning, for strukturen *-ækkj-* finst ikkje i nynorsk skrift. Det heiter *rekkja* v - *rekkje* f, *stekkja* v - *stekkje* f, *vekkja* v - *vekkje* f osv.

Krekkja kjem truleg av **krakjón* > norr **krekja* med seinare *k*-fordobling framfor *j* > nno *krèkkja* (jfr norr *þekja* f > nno *tekkje*, norr *rekja* v > nno *rekkja*). Ei tyding 'den krokutte' eller 'den bøygde' høver på desse innsjøane, serleg på den øvste, *Store-Krekkja*.

Lat oss no sjå namni *Hein* og *Krekkja* i samanheng med namnet på *Halne*, den store innsjøen litt vestanfor, 1130 m o h. Vatnet or Halne og Krekkja renn ut i Hein og so ned i Numedalslògen.

Halne har vore tolka 'innsjøen som ligg midtveges el halvveges' til *halv* adj, og det høver godt.

Indrebø peikte på at *Hein* ligg "meir avsides enn grannevatnet, Halne–vatnet, som rekk burtåt Nordmannsslæpa" (Indrebø 78). Her er det svall om *Nørdre Nordmannslæpa* som kjem opp Sysendalen, gjeng austetter like nordanfor innsjøen *Halne* - og endar i Ustedalen (der slæpa ligg utigjennom ei lein, som i min oppvokster var kalla "Nordmannleine"). Sunnanfor denne slæpa ligg *Halne* 'midtveges' mellom Eidfjord og Ustedalen. Litt austanfor har me *Krekkja* 'den krøkte'. Om me tek av frå slæpa og vandrar i søraustleg lei nedetter vassdraget mot Dagali - der det etterkvart ter ein dal i emning -, og om me kjem nedanfrå eller uti denne dalen frå andre kantar, øygnar me ein stor innsjø; det er *Hein* 'den ljose'. Men i høve til Nordmannsslæpa er det 'innsjøen som ligg for seg sjølv'.

Sundre

er opphavleg eit gardsnamn i Ål i Hallingdal, no namn på bygdebyen og administrasjonssentret i heradet. Garden ligg ned til Hallingdalselvi, og der var elvi (før reguleringi i 1960-åri) so lite strøym at ein kunne ta seg over med båt eller flòte. I heidersskriftet til Nils Hallan drøfte eg namnet *Sundre* (Myhren 1991:327-329), og eg meinte at fyrste lekken *sund-r-* opphavleg kunne vera ei samansetjing. Men so sa Kristin Bakken: det finst ingen døme på at fyrste lekken i *vin*-namn er samansett. At *Sundre* er eit vin-namn kan det snaudt vera tvil om; jfr *i Sundrini* (1358). So Kristin har rett.

Då må andre vegjer prøvast.

Me gjeng ut frå *sund* n 'trongt farvatn', 'stad ein kan ro eller symja over' av **sumd* til *svima* st v 'symja'. Avleitt av *sund* er *sundra* v som eg i 1991 meinte var samandrege av *sundriða* eller **sundróa*, men det òg er nok gale. *Sundra* kan vel heller vera ei iterativ avleiding til *sund*, og tyder vel då (same tyding som eg gav i 1991) 'ta seg over eit sund (med båt eller flòte)' i motsetnad til *sunda* el *synda* v som tyder 'symja', 'lata symja' (Aasen 1873). Av *sundra* fær me so **sundr* subst 1) 'det å sundra' eller 2) 'stad der ein kan *sundra*'. Jfr av *sitja* v *setr* n 'bustad' (eigl 'stad ein kan sitja (bu) på') og '(sol)nedgang' (eigl 'setjing' – jfr engelsk *sunset*). Jfr ogso avleiding på *str*: av *hogga* v *hogster* m 'det å hogga', 'stad der ein høgg'.

Sundre < **Sundrvin* skulle i so fall tyda 'engi som ligg nedåt eller attmed sundrestaden'.

Hæ eller hei i nokre stadnamn på den nord-austlege luten av Hardangerviddi

I det nemnde festskriftet skreiv eg nokre linor om namnet *Eimehæi* (Myhren 1991:319-320) Eg slo fast at skrivemåten *Eimeheii*, som har stade på alle kart, er ravgalen. For appellativet *hei* er elles ikkje kjent i hallingmålet.

No syner det seg at appellativet *hei* ogso er nytta som skriftform i nokre namn på den nordaustlege luten av Hardangerviddi; det gjeld *Bleikheii*, *Krekkjaheii* og *Monsbuheii*. Alle desse "heiane" er slike "flatvorne høgdedrag der ingen topp skil seg ut" (jf. Helleland 1970) liksom *Eimehæe*. Difor burde namni heller skrivast *Bleikhæe*, *Krekkjahæe* og *Monsbuhæe*, eller ein kunne skriva *-hæa* i staden for *-hæe*. Når *hæ* har vorte oppfatta som "hei" i desse namni, heng det truleg saman med at det i bundi form på hallingmål og numedalsmål heiter *hæ'e*, og denne *e*-en i ending er svært trong og har nok vorte oppfatta som *i* av oppskrivarar utan innsikt i desse bygdemåli.

Litteratur

Helleland, Botolv: *Noko om stadnamn frå Hardangervidda vest.* Uprenta hovudoppgåve. Universitetet i Oslo. 1970.
Indrebø, Gustav: *Norske innsjønamn II.* Oslo 1933.
Myhren, Magne: Merknader til nokre stadnamn i Hallingdal. I: *Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991.* Oslo, s. 319-332.
Ross, Hans: *Norsk Ordbog.* Kra 1895. Tillæg I-VI. Kra 1895-1913.
Torp, Alf: *Nynorsk etymologisk ordbok.* Kra 1919.
Aasen, Ivar: *Norsk Ordbog.* Kra 1873.

Magne Myhren
Oslo

NAMN PÅ MILITÆRØVINGAR

Forsvarets forum har i nr. 1/1998 ein artikkel om namn på militærøvingar. Her er det bl.a. nemnt at ein kan skilje mellom namn på norske og internasjonale øvingar. Til grunn for dei internasjonale namna ligg det eit visst

system, mens det er meir eller mindre tilfeldig kva slags namn dei norske øvingane har fått. Øvingane som inngår i *Partnarskap for fred*, har såleis eit namn som begynner med *Cooperative*, t.d. *Cooperative Banners, Cooperative Bear* og *Cooperative Best Effort*. Døme på namn på NATO-øvingar er: *Adventure Express, Aiming Fist, Ardent Ground, Bell Bottoms, Blue Harrier, Bold Game, Bright Eye, Bright Future* og *Dynamic Mix*. Dei internasjonale øvingane har naturlig nok engelske namn.

Namna på NATO-øvingar er sett saman av to ord, og oberstløytnant Berit Ovesen i Forsvarets Overkommando seier at ho ut frå namnet på NATO-øvinga kan slutte seg til kva for område øvinga foregår i. Men ho kjem ikkje nærmare inn på korleis ho kjem fram til slike slutningar. Det er kanskje ein NATO-løyndom?

Som nemnt ovafor er namna på norske øvingar meir tilfeldige. Ovesen peiker på at det i ein del tilfelle ligg kreativitet bak namnevalet, t.d. *Gråmauk* - med assosiasjonar til grått ver og Maukstadmoen militærleir i Indre Troms. Her kjem det nokre døme på namn på norske øvingar i 1997. Vi har inndelt dei etter emnegrupper:

Ver, årstider: *Nordavind, Senhøst, Vintermauk, Snøpanser, Rød snø, Ingeniør Vinter*.
Dyr og fuglar: *Oter, Falkøye, Hvit Mink, Svart Mink, Stor Mink, Pansermink*.
Namn frå Bibelen: *David, Goliat, Jeriko*.

Døme på namn frå 1997 som ikkje inngår i dei tre emnegruppene ovafor: *Blindebukk, Kjappfot, Ouvertyre, Råkost*. Det siste namnet, *Råkost*, kan synas noko merkelig som namn på ei militærøving, mens *Pansermink* og *Vintermauk* vel kan oppfattas som kreative samansetningar av typen *Gråmauk*. Kanskje eit potensielt *Pansermauk* kunne høve for neste militærøving? Men dette namnet blir kanskje for lydlikt *Pansermink*, noko som kunne føre til forveksling over dårlige militære sambandslinjer.

Elles kunne ein ut frå eit språklig jamstillingsomsyn ha ønskt at nynorske former (og fellesformer for bokmål og nynorsk) hadde kommi inn i staden for klart bokmålsmarkerte former, t.d. *Kvit snø* i staden for *Hvit snø* og *Sein haust* i staden for *Sen høst*.

Sjøforsvaret utmerker seg med det suggestive namnet *Firfisle* som namn på ei øving, mens Heimevernet er meir mytologisk orientert, t.d. *Tjalve, Heimdal* og *Neptun*. Det siste gudenamnet klassifiserer forresten journalisten feilaktig som eit norrønt namn.

I eit tidligare nummer av *Nytt om namn* (nr. 25) hadde vi ein artikkel om namn på stormar. I den samanhengen oppmoda vi lesarane til å sende inn framlegg til stormnamn. Vi fekk inn framlegg til slike namn frå Frode Korslund i nr. 26, og desse framlegga er ekspedert vidare til Meteorologisk institutt. Tilsvarande kan lesarane nå gjerne komme med framlegg til namn på militærøvingar. Desse vil vi så i neste omgang sende til Forsvarets Overkommando (FO).

Til slutt vil eg takke professor Endre Mørck, namnekonsulent for Nord-Noreg, som gjorde meg merksam på artikkelen om namn på militærøvingar. Han er namnekonsulent for Nord-Noreg og har i den samanhengen mange stadnamnproblem å ta stilling til. Han er ventelig glad for at han slepp å styre med namn på militærøvingar, for slike namn inngår ikkje i mandatet til Namnekonsulenttenesta.

GA

BOKMELDINGAR

NYUTGÅVE AV AASENS NAMNEBOK

Ivar Aasen [1878]: *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne*. Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet 3. Høgskolen i Volda. Volda 1977. 145 s.

Kristoffer Kruken og Terje Aarset har stått for det prisverdige initiativet å gje ut i nyutgåve Aasens *Norsk Navnebog* frå 1878. Boka ligg føre i både innbunden og hefta versjon. Nyutgåva har latinsk skrift og er dermed mykje lettare å lesa for folk i dag enn originalutgåva i frakturskrift, dvs. ein skrifttype utvikla frå gotisk skrift. I ei grundig og velstrukturert innleiing gjer Kruken greie for Aasens arbeid med *Norsk Navnebog*. Innleiinga (s. IX-XXII) er delt i to bolkar. Fyrst gjør han greie for Aasens arbeid med namneboka. Deretter kommenterer han endringar som er gjort i nyutgåva i høve til Aasens original, bl.a. rettingar og endra typografi.

I innleiinga peiker Kruken bl.a. på at Aasen alt tidlig (1840) skriv om namn - både personnamn og stadnamn. Men det skulle dryge mange år før han samla seg til å gi ut namneboka (1878). Det store namneåret for Aasen var 1876 ifølgje Kruken. Viktige kjelder for han var utvalde delar av folketeljingane frå 1801 og 1865. Han la mest vekt på dei områda der han meinte det var god namneskikk, men for oversyns skyld tok han også med somme område der namneskikken var "forvansket". Byane brydde han seg lite om, ser det ut til. Vi aner her Aasens motvilje mot importerte namneskikkar. Det er i det heile interessant å sjå Aasens namnebok i forhold til nasjonsbygginga i siste helvta av 1800-talet. I denne samanhengen kan det nemnas at Gudlaug Nedrelid i fleire artiklar har sett namneboka til Aasen inn i eit faghistorisk perspektiv. Ho kjem bl.a. inn på kva for haldningar Aasen hadde til ulike typar namn, og kva for innverknad boka har hatt etter Aasens tid.

Da namneboka til Aasen kom ut i 1878, var ho den fyrste boka i sitt slag i Noreg. Aasen seier sjølv at han har teki med omtrent 600 oppslagsformer. Dette talet stemmer bra med det Kruken har rekna ut (599) - 417 mannsnamn og 182 kvinnenamn. Mannsdominansen er altså sterk. I røynda inneheld namneboka til Aasen atskillig fleire namn, for om ein også tek med dei namna som står i tekstavsnitta (og ikkje berre dei 599 som står i dei tre alfabetiske

listene), kjem ein opp i godt over 3000 namneformer (inkl. namnevariantar). I tekstavsnitta kan ein nemlig finna namn av den typen som Aasen åtvarar mot (t.d. *Stenetta*, *Torgina* og *Torkelliana*), men som han ikkje fører opp i dei meir "offisielle" listene.

Sjølv Aasen kunne ta feil, og Kruken gjør merksam på somme namn som Aasen har oppfatta feil. Dette kjem bl.a. av at Aasen har lesi gotisk høg *s* i dei handskrivne folketeljingane som *f*. Når det gjeld enkeltnamn, nemner Kruken (s. XVII) at *Asløv* er tolka som ein variant av mannsnamnet *Asleiv*. Ifølgje Kruken må dette vera ein variant av kvinnenamnet *Aslaug*. Det belegget som Aasen viser til, er frå folketeljinga av 1801, og på eit så tidlig tidspunkt må ein gi Kruken rett i at *Asløv* må oppfattas som eit kvinnenamn. Ei anna sak er det at skriftforma *Asløv* seinare på 1800-talet vart meir vanlig som mannsnamn enn som kvinnenamn. Det var særlig i Nordland - etter det eg kan sjå - at dette mannsnamnet vart teki i bruk, med dei fyrste førekomstane frå Hammarøy og Steigen i 1852, 1853 og 1855.

Utgjevarane har lagt ned eit stort arbeid i å rette opp feil og inkonsekvensar hos Aasen. Ein blir i det heile svært imponert over det filologiske filigransarbeidet deira. Ikkje berre har dei retta opp reine trykkfeil, t.d. *ellexs* til *ellers*, men også feil som den vanlige lesaren knapt ville ha ensa. Såleis har dei - for konsekvensens skyld - sett inn manglande punktum i dei få tilfella dette teiknet ikkje står i forkortingar i originalteksten. Dette gjeld t.d. forkortinga *Kv* (= "Kvindenavn") som er retta (til *Kv.*). Rett nok har filologane av i dag god hjelp av moderne datateknikk når dei skal rette opp inkonsekvensar og feil, men ein blir likevel imponert over det grundige tekstkritiske arbeidet som er lagt ned i denne nyutgåva.

Registeret over rettingar og justeringar går over 9 sider. For kvar retting/justering er det vist til sidetal og linjenummer både i originalutgåva til Aasen og nyutgåva ved Kruken og Aarset. Eit liknande pagineringssystem finn ein når ein kjem over i sjølve originalteksten: I tillegg til sidemarkeringa for nyutgåva, t.d. *73*, finn ein på same sida sidemarkeringa for originalutgåva, t.d. *[79-80]*. Eit spesialteikn inne i teksten viser så kor grensa går mellom s. 79 og s. 80 i originalutgåva. Dermed blir det enkelt for seinare forskarar å vise til sider i originalteksten sjølv om ein bruker nyutgåva ved Kruken og Aarset.

Særlig fortenestefullt er det at utgjevarane til slutt i boka (s. 97-145) har laga eit register over alle namneformer og namneledd som fins i originalutgåva til Aasen. Storparten av dette registeret gjeld naturlig nok fornamn, men heilt til slutt kjem det også to sider med separate register over etternamn og stadnamn. Denne omfattande registerdelen vil vera til stor nytte for namneforskarar som leiter etter opplysningar om enkeltnamn frå 1800-talet. Det er all grunn til å gratulere Kruken og Aarset med vel utført arbeid!

GA

STADNAMNBOK FRÅ TYSFJORD

Thorbjørn Storjord: *Tysfjord/Divtasvuodna. Samiske og norske stadnamn.* ISBN 82-994582-1-8. Árran. Julevsáme guovdásj/Lulesamisk senter. Bodø 1998. 201 s.

"Dei eldste namna i Tysfjord er skapte av samane som rådde grunnen før "nordmenn" busette seg i større omfang, først rundt ytterfjorden, seinare også innover ved munningen av dei fem sidefjordane. Inne i desse fjordane har samisk språk ein ubroten tradisjon og stadnamn er bevarte gjennom hundre–åra." – Desse orda er henta frå innleiinga i den nyss utkomne namnesamlinga *Tysfjord/Divtasvuodna. Samiske og norske stadnamn.* Bak dette imponerande arbeidet står pensjonert høgskolelektor Thorbjørn Storjord, som gjennom store delar av livet sitt har arbeidd med å samla namnetradisjon frå Tysfjord.

Dette er ei bok som har til føremål å leggja fram dei samiske og norske stadnamna frå Tysfjord kommune i Nordland. Til saman har forfattaren samla over 4500 stadnamn frå dei 81 noverande gardsnummera i kommunen, ordna nummervis under kvar matrikkelgard. Nummeret refererer til eit kartutsnitt som er trykt saman med namnelistene frå dei einskilde gardane, slik at det er lett å finna fram til kvar namnet høyrer heime. Karttilvisingane manglar rutetilvising, men nummera er trykte så tydeleg på kartutsnitta at det ikkje gjer noko. Kvart namn er oppført med enkel lydskrift. Her er ein del inkonse–kvensar når det gjeld plassering av aksentteikn og tonemmarkering, men forfattaren har munnleg opplyst at trykkeriet hadde rota med desse teikna. For ein god del av namna, fyrst og fremst dei som viser til noko anna enn det sisteleddet indikerer, har fått ei ekstra lokalitetsopplysning. Innpå halvdelen av namna er samiske, og dessutan er det eit stort tal blandingsnamn med norske og samiske element, ofte i fornorska form. Den samiske delen av materialet har underskrivne elles ikkje føresetnad for å vurdera.

Det er fleire formelle tilhøve som ein kunne setja fingeren på, og boka ville ha tent på ein ekstra gjennomgang. Men avgjerande her er at materialet er gjort tilgjengeleg. Særleg verdifullt er eit så stort samisk namnetilfang er lagt fram, truleg ei av dei største samlingane frå ein enkelt kommune. I innleiinga har forfattaren peikt på fleire interessante aspekt som kjem til uttrykk i stadnamna i eit språkgrenseområde, og her opnar det seg fleire viktige forskingsoppgåver som kan byggja vidare på dette materialet.

Tysfjord/Divtasvuodna. Samiske og norske stadnamn er illustrert av Knut-Jørgen Olsen med ei rekkje uvanleg fine fargefotografi frå naturen i Tysfjord.

BH

DOKUMENTASJONSPROSJEKTET I BOKFORM

Knut Aukrust og Bjarne Hodne (red.): *Fra skuff til skjerm. Om universitetenes databaser for språk og kultur.* Universitetsforlaget, Oslo 1998. 223 s.

Dokumentasjonsprosjektet var eit samarbeid mellom dei humanistiske forskingsmiljøa ved universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Prosjektet starta opp i 1991 og vart i hovudsak avslutta 1997. Målet var å dataføre arkivmateriale ved dei ulike humanistiske fagmiljøa, slik at publikum lettare kunne få tilgang til historisk kjeldemateriale. Eit anna viktig mål var å sikre det historiske materialet betre for ettertida. Til no hadde "skuffen" stort sett vore lagerplass. Boka *Fra skuff til skjerm* er historia om dette prosjektet, om idé og målsetting, om dataføring og oppbygging av databasar, og om bruk og utfordringar på vegen vidare.

Boka er inndelt i 14 kapittel med like mange forfattarar. Det er kapittel som tek for seg det praktiske innskrivingsarbeidet, som forklarar oppbygginga av databasar og diskuterer rettslege aspekt ved formidling av historisk kjeldemateriale. Men dei fleste kapitla handlar om korleis dei einskilde fagmiljøa har delteke i prosjektet. Som fylgje av Dokumentasjonsprosjektet er tingbøker, minneoppgåver og balladar digitalisert. Og vidare er fornfunn, myntfunn, runer, gammalnorsk ordboksverk, skriftspråket i Norge frå 1500-talet til i dag, nynorsk språkmateriale og stadnamn digitalisert.

Botolv Helleland har skrive kapitlet om stadnamn og understrekar at deltakinga i prosjektet har ført til betre tilgang til svært sentrale namnesamlingar. For dei namnefaglege miljøa i Norge er dette svært viktig. Helleland nemner Uppsala-registeret over namn og namneledd som er omtala i nordisk faglitteratur, bustadnamnregisteret ved Seksjon for namnegransking, ein utrykt matrikkel frå 1950 og fleire band av det grunnleggjande verket *Norske Gaardnavne* (Rygh 1897-1936). Alt dette er no digitalisert og gjort tilgjengeleg i spesiallaga databasar. Dokumentasjonsprosjektet representerer såleis ei nyvinning for norsk namnegransking, skriv Helleland.

Av andre særleg nyttige databasar for namnemiljøa er materialet til *Norsk Ordbok.* Lars Vikør har skrive kapitlet om korleis dette omfattande nynorskmaterialet er digitalisert, eit tilfang på om lag 3 millionar setlar.

Fra skuff til skjerm er ei nyttig innføringsbok på fleire område. Boka gir svar på kva som finst av historisk kjeldemateriale ved dei norske universiteta og korleis ein kan få tilgang og dermed fagleg nytte av dette verdfulle historiske materialet. Til slutt skal nemnast det tverrfaglege aspektet. Databasane som er eit resultat av Dokumentasjonsprosjektet, vil i langt større grad enn før gjere det muleg å trø over tradisjonelle faglege grenser.

Margit Harsson
Oslo

NORNA-RAPPORT 63: ÄGONAMN

Gunilla Harling-Kranck (red.): *Ägonamn – struktur och datering. Rapport från NORNA:s tjugotredje symposium på Svidja 15-17 september 1995.* NORNA-rapporter 63. NORNA-förlaget, Uppsala 1997. Også publisert i *Nordisk filologi* 75 (1996). 167 s.

Som ei oppfylgjing av eit symposium om ägonamn (teignamn) i Svidja i Finland i 1991 vart det i 1995 same stad halde ei nytt symposium med tittelen *Ägonamn – struktur och datering.* Deltakarane kom frå Danmark, Finland, Noreg og Sverige. Til saman vart det halde 13 foredrag og dertil to oppsummeringar. Frå Noreg deltok Gunnstein Akselberg med foredraget "Namn på jordstykke i Voss kommune", Eli Johanne Ellingsve med "Metodiske problem ved datering av teignavn ved hjelp av datering av personen i utmerkingsleddet", og Tom Schmidt med "Teignavn på -bø i Vest-Norge".

Desse to symposia – slik dei er nedfelte i rapportane – gjev utvilsamt eit breitt innsyn i laging, struktur, tradering og endring i dette rike namnematerialet som teignamna utgjer. Det er og prisverdig at finnane har gjort seg så mykje umak med å føra denne tradisjonelt noko anonyme namnekategorien opp på granskarane sine arbeidsbord.

BH

NORNA-RAPPORT 64: BYENS NAMN

Vibeke Dalberg og Bent Jørgensen (red.): *Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder. Rapport fra Nornas 24. symposium i København 25.-27.4.1996.* NORNA-rapporter 64. NORNA-förlaget, Uppsala 1997. 208 s.

Tittelen på denne meldinga er tvitydig: Boka handlar ikkje om bynamn. Den danske originaltittelen er derimot eintydig: *Byens navne.* Altså "Namna i byen". Undertittel: "Stednavne i urbaniserede områder".

Denne rapporten frå NORNAs 24. symposium i København.1996 inneheld fjorten bidrag ordna alfabetisk etter namnet til forfattaren. Det er: G. Akselberg: "Offentleg namngjeving. Normering og val av veg- og gatenamn"; M. Blomqvist: "Husnamn i Helsingfors"; B. Christensen: "Nyere gadenavne i Tønder"; B. W. Dahl: "Bastionsnavne som politiske indikatorer i 1600-tallets Danmark"; G. Fellows-Jensen: "Byer i vikingetidens England. Dansk indflydelse på deres udformning"; J. Ferenius: "Aktuella namngivningsproblem i Stockholm"; G. Harling-Kranck: "Gatunamnproblematik i Helsingfors"; B. Jørgensen: "Storbyens dele"; I. Lund: "Fra gård til gate. Navnekontinuitet i en østnorsk småby"; O. Stemshaug: "Gatenamnpolitikk i Noreg"; F. F. Thorp: "Navn på husmannsplasser i Aker lever videre"; M. Viljamaa-Laakso: "Gatunamn och identitet"; Þórhallur Vilmundarson: "Om islandske gadenavne"; M. Wahlberg: "Drottninggatan och Rotfruktsgatan, Pygmalion och Flugsvampen.

Svenska gatu- och kvartersnamn som historisk och idéhistorisk spegel". Alle bidraga har eit samandrag på engelsk.

Det dominerande emnet er altså gatenamn, sjølv om vi har enkelte innslag om gamle bastionsnamn, bydelsnamn og husnamn. Dei fire norske bidraga deler seg i to grupper: to er konkrete diakrone studiar av namngjeving i to austlandsbyar (Ivar Lund om Halden og Finn Folke Thorp om Søndre og Vestre Aker i Oslo), mens dei to andre går på meir prinsipielle og namnepolitiske aspekt. Av desse gir Ola Stemshaug ei deskriptiv framstilling av norsk gatenamnpolitikk, der han viser at fornorskingslina har stått sterkt, og at den har verka på to måtar: den har fremma meir talemålsnære namn i det meste av landet, men fortrengt finske og samiske namneformer i Troms og Finnmark. Gunnstein Akselberg har det mest teoretiske bidraget: Med Voss som konkret døme drøftar han den offentlege namngjevinga og namnenormeringa på vegar og gater i ein moderne norsk "bygdeby", både saksprosedyrar og språklege problem. Akselberg konkluderer med at kommunen har vore heldig med sjølve namnevala, i den forstand at det er lagt vekt på å byggje på lokale tradisjonar og føre dei vidare. Derimot kritiserer han normeringa av skrivemåtar, som han meiner er inkonsekvent og lite gjennomtenkt.

LSV

ÅRSMELDING SNA 1996

Det daverande Avdeling for namnegransking (no Seksjon for det same) gav ut årsmeldinga si for 1996 i 1997 etter vanleg skikk. Også denne årsmeldinga er eit fyldig produkt, om ikkje så fyldig som jubileums-årsmeldinga året før. Tom Schmidt var avdelingsleiar og har redigert boka, og vel og skrive sjølve årsmeldinga. Fire av dei tilsette pluss ein student har skrive kvar sin faglege artikkel, nemleg G. Birkeland: "Stølsnamn på *-rjo/-ro* i Tinn", M. Harsson: "Frå *Berdórsruð* til *Belse*. Korleis forklare lydendringane?"; B. Helleland: "Slektsnamn av stadnamn"; A. Rode: "Personnavn i Akershus og Jelsa i Rogaland 1500-1800. En vurdering og sammenlikning av kildegrunnlag og navnetyper" (opphavleg prøveførelesing til nordisk hovudfag), og T. Schmidt: "*Vinstri* eller *Vinstre*? Øystre Slidre for turistar" (om normering av namn på turistkart).

LSV

KONGRESSRAPPORT FRÅ ABERDEEN

Den 19. internasjonale kongressen i namnegransking (ICOS) vart halden i Aberdeen i Skottland 4.-11. august 1996, og alt no ligg den tre band store kongressrapporten føre, redigert av professor W. F .H. Nicolaisen, som og var president for kongressen. Hovudemnet for kongressen var *Scope, Perspectives, and Methods of Onomastics*, altså eit vidt tema som kunne fanga

opp det meste av det som skjer i internasjonal namnegransking. Til saman deltok 300 personar frå 40 land. Det vart halde 170 foredrag. Fylgjande norske foredrag er med i rapporten: Gunnstein Akselberg: "Street Names: Norms and Forms"; Gulbrand Alhaug: "Name, Status and Gender: On the Use of Initial Letter Instead of Full First Name in Norway in the 19th Century"; Eli Johanne Ellingsve: "Naming the Unseen: Thoretical Problems and Pragmatic Solutions Concerning the Naming of Norwegian Oil and Gas Fields in the North Sea"; Peter Hallaråker: "Names and Ethnicity: The Triple Identity of the Norwegian Americans Indicated by their Choice and Spelling of Surnames and Place Names"; Åse Kari Hansen: "Noms de lieu normands d'origine scandinave: Quelles dimensions et perspectives offre l'étude des noms de lieu dans le domaine plurilinguistique?" Botolv Helleland: "Place-Names, A Source Used in the Study of Religious Activity in pre-Christian Society: Some Methodological Aspects". Også dei andre nordiske landa var godt representerte med foredrag på kongressen. Meir fyldige omtalar vil sikkert koma i dei nordiske namnevitskaplege tidsskrifta.

Her vil me nøya oss med å seia at det store utvalet av spennande einskild–tema som ein møter på dei nærare 1200 sidene i denne onomastiske trilogien, gjer det vel verdt å tinga han. Prisen er 30 engelske pund for heile pakken pluss sendekostnader (£ 6). Engelsk tittel i kortform: *Proceedings of ICOS XIX* (Aberdeen, 1996). ISBN 1-902355-00-8 Adresse: Dept of English, University of Aberdeen, Aberdeen, AB24 2UB, Scotland (UK).

BH

EI ANNLEIS NAMNEBOK I KJØMDA

I slutten av juni kjem boka *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn.* på Ad Notam Gyldendal (ISBN-82-417-0945-5, kr. 188). Forfattarane har ein uvan–lig bakgrunn som namnegranskarar: Den eine, Jørgen Ouren, er matematikar, og den andre, Jan Erik Kristiansen, sosiolog. Begge arbeider ved Statistisk sentralbyrå. Dermed har dei direkte tilgang til kjeldene, dvs. det store namne–materialet som kjem frå folkeregistera rundt omkring i landet.

Boka er ikkje i handelen ennå, og ei melding må derfor vente til neste nummer av *Nytt om namn.* Her vil eg berre nemne nokre tema frå boka på grunnlag av forlagsomtalen, som er lagt ut på Internett. Boka behandlar namn fyrst og fremst i eit statistisk perspektiv. Vi kan derfor vente oss mange tal og kurver for motenamn. Samtidig vil ho også sjå namna i eit historisk perspek–tiv, med vekt på 1900-talet. Det ser ut til at namna til ein viss grad også vil bli vurdert frå ein sosiologisk synsvinkel, noko ein for så vidt kunne vente i og med at den eine forfattaren er sosiolog. Eit av spørsmåla som namneboka stiller, er såleis: "Har kvinnefrigjøringen ført til færre dobbeltnavn?"

GA

OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

Astrid Saksen: *Stedsnavn som kilde til bosettingshistorien i Fosnes i førreformatorisk tid.* Seksjon for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo. Våren 1998. 131 sider + Appendiks 23 sider + 6 kartskisser.

I denne oppgåva tek forfattaren for seg stadnamn, hovudsakleg gardsnamn, som kjelde til den eldre busetnadshistoria i det tidlegare Fosnes prestegjeld. Til grunn for undersøkinga ligg namnemateriale som er skriftfest i kjelder frå 1400- til 1600-talet, samanhalde med arkeologiske, historiske og topografiske opplysningar. Oppgåva har sju kapittel (sitert etter oppgåva): 1. Innledning. Avgrensing av geografisk område og problemstilling. 2. Bosettingshistorie. 3. Navnegranskning og datering av fast bosetting – litteratur og metode. 4. De skriftlige kildene. 5. Hva kildematerialet forteller om bosettingen i før–reformatorisk tid. 6. Den eldste bosettingen – en samlet vurdering. 7. Oppsummering og konklusjon. Størst omfang har naturleg nok kap. 5, som går frå side 62 til 111.

Hovudhypotesen til forfattaren har vore at det ville vera samsvar mellom visse namnetypar, gamle gardar og høg landskyld på 1600-talet. Denne hypotesen får ho eit godt stykke på veg sanna. Men ho påviser at det for ein del gardar har vore ein ekspansjon mellom 1521 og 1647, slik at tilhøvet mellom dei største gardane i nokon mon har endra seg i denne perioden, og at 1647-skylda må vegast i høve til skatteopplysningar frå tidlegare år der slike ligg føre. Ho dreg og inn øydegardsproblematikken og nemner Hillstad som døme på ein namnetypologisk gammal gard som ikkje var i drift i 1520, og som ikkje var mellom dei største i 1647. Forfattaren påviser og manglar ved Norske Gaardnavne når det gjeld belegg frå 1500-talet, og ho har utvilsamt rett i at ein ikkje "ukritisk kan basere seg på opplysningene i NG når det gjelder årstall for når gårdene er nevnt i kildene" (s. 127).

Forfattaren har gjort godt greie for dei ulike skriftlege kjeldegruppene og drøft ulike metodar for bruken av dei, særleg landskyldmetoden. Men ein saknar ein meir samla diskusjon av namnematerialet i lys av metodevalet. Resulatet er likevel at ein sit att med eit nyttig tilskot til den eldre busetnads–historia i Fosnes.

BH

Tove Emmy Herwig Selland: *Gardsnamn på -stad i Rogaland og Hordaland. Person- eller naturnamn i utmerkingslekken? Forsøk på ei forskingshistorisk oversikt.* Bergen våren 1998. 147 sider.

Personnamn som utmerkingslekk i stadnamn har lenge vore eit populært studieobjekt. Ikkje minst har utmerkingslekkane i *staðir*-namn vore mykje granska. Interessa strekkjer seg langt utanfor namnegranskarane sine rekkjer, og særleg har historikarane vist stor interesse.

Oluf Rygh meinte at dei fleste *staðir*-namna har eit personnamn som utmerkingslekk: "1ste Led er ved staðir i de allerfleste Tilfælde er Persons Navn eller Tilnavn" (*Forord og Indledning*, 1898:78). Yngre granskarar, som t.d. Þórhallur Vilmundarson, tolkar derimot svært mange av desse lekkane som naturnemningar. I røynda er nok situasjonen meir nyansert, og unge namnegranskarar i dag har ei meir opa tilnærming til problemstillinga. Eli Ellingsve har dessutan vist at Oluf Rygh sjølv hadde ein meir nyansert tolkingspraksis enn det han gav uttrykk for i 1898 (*Namn og Nemne* nr. 12, 1995:35-50).

Tove Emmy Herwig Selland har kasta seg inn i diskusjonen om personnamn som utmerkingslekk i *staðir*-namn med hovudoppgåva si, *Gardsnamn på -stad i Rogaland og Hordaland. Person- eller naturnamn i utmerkingslekken? Forsøk på ei forskingshistorisk oversikt*, der ho tar føre seg tolkinga av alle *staðir*-namna i Hordaland og Rogaland. Problemstillinga til Herwig Selland er om tolkingane til Oluf Rygh og Magnus Olsen (som gav ut banda om Rogaland og Hordaland av *Norske Gaardnavne* (*NG*)) samsvarar med hennar eigne vurderingar av dei ulike tolkingane som finst av desse namna, og såleis om hennar tolkingsvurderingar stør utsegna til Rygh i *Forord og Indledning*.

Ved å nytta same metoden som Ellingsve (*Namn og Nemne* 1995) kjem Herwig Selland til at Rygh og Olsen har 67 % sikre personnamn som utmerkingslekk i *staðir*-namn og 13 % usikre i dei to Vestlands-fylka. Ho går systematisk gjennom alle namna i alfabetisk orden og trekkjer inn mange av dei alternativa som finst til tolkingane i *NG*. Hennar eigne tolkingsvurderingar resulterer i 42% sikre og 2% usikre personnamn som utmerkingslekk. Konklusjonen hennar byggjer mest på topografiske tilhøve, og ho trekkjer ofte inn lokalhistorisk litteratur, m.a. bygdebøker, som grunnlag for vurderinga.

Eigenleg forskinghistorikk er dette ikkje, sjølv om forfattaren i det fyrste kapitlet (2–17) prøver å skissera ei forskingshistorisk oversikt. I gjennomgangen av einskildtolkingane vert det ikkje så mykje rom til forskingshistorie av di tolkingsvurderingane er dei sentrale. Men oppgåva gjev eit godt oversyn over *staðir*-namna i Hordaland og Rogaland, og har gode presentasjonar og interessante vurderingar av ulike tolkingsframlegg. Oppgåva vil vera til god hjelp for dei som går vidare med problemstillingane, og dessutan er ho nyttig som oppslagsverk og eit tenleg supplement til *NG* band 10 og 11.

Gunnstein Akselberg
Bergen

Benedicta Windt: *Personnavnene i Sigrid Undsets samtidsromaner. En studie i anvendt litterær onomastikk.* Avdeling for nordisk språk og litteratur. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo. Våren 1998. 138 sider.

"Hvordan velger de [forfatterne] navn til litterære skikkelser? Hvilke tanker gjør de seg i den forbindelse? Prøver de å uttrykke noe spesielt gjennom navnene? Har dette i så fall betydning for den litterære analyse?"

Disse spørsmålene danner utgangspunkt for Benedicta Windts hoved–oppgave, og innledningsvis konstaterer hun at det i Norge er gjort lite for å få svar på slike spørsmål. Hverken litteraturvitere eller navneforskere har i særlig grad beskjeftiget seg med personnavnbruken i skjønnlitteratur, og det meste av det som er skrevet, nevnes her kort i innledningen. Her presenteres også materialet, alle Undsets samtidsromaner med unntak av Vaaren (da denne i så stor grad dreier seg om danske forhold), og Windt slår fast at "Undsets romaner er navnerike"; de seks romanene inneholder ikke mindre enn 342 forskjellige fornavn. Formålet med avhandlingen er å se om man gjennom navnene kan nå fram til en ny forståelse av personene, å undersøke i hvor stor grad Undset har brukt navn som litterært virkemiddel, og om navnene er tidsriktige. Spørsmålet om evt. sosio-onomastiske sider ved Undsets navnebruk drøftes ikke, bl.a. med den begrunnelsen at dette ville være emne for en egen avhandling. Ellers i innledningen tar Windt opp teoritilknyting og metode og knytter an til litterære teorier – her drøftes såvel "forfatterintensjon" som "leserens rolle" og "resepsjonsteori". I forlengelsen av innledningen drøftes i kapittel 2 "Navnenes rolle i skjønnlitterære tekster", der hun også bl.a. tar opp "Sigrid Undsets syn på personnavn".

Hoveddelen av avhandlingen er en kronologisk gjennomgåelse av romanene: Fru Marta Oulie og Jenny i kap. 3 "De første samtidsromanene"; Gymnadenia og Den brennende busk i kap. 4, "Konversjonromanene". Ida Elisabeth og Den trofaste hustru drøftes i hhv. kap. 5 og 6. Hvert enkelt kapittel er konsekvent og stringent oppbygd etter samme mal: først presenteres navnematerialet, så drøftes de viktigste navnene (hele materialet presenteres tabellarisk på s. 119 ff.), og deretter trekkes navnene inn i den litterære analysen, før hvert kapittel avsluttes med en kort oppsummering. I kap. 7 trekkes konklusjonene, bl.a.: "Sigrid Undsets navnebruk er realistisk i den grad det er mulig å gjennomføre det i et litterært verk uten å skape vanskelig–heter for leseren" (s. 109), "at de opplysningene navnene gir om personene, i vesentlig grad kan bidra til å kaste lys over helheten i verket" (s. 110) og "at det ikke kan være tvil om at forfatteren helt fra debutromanen bevisst har brukt navnene som et virkemiddel for å underbygge tematikk og person–karakteristikker" (s. 111).

Benedicta Windts avhandling er et nyttig og velskrevet bidrag til et hittil lite utforsket forskningsfelt.

Tom Schmidt
Oslo

NAMNELITTERATUR - TIL SALS PR. 1.6.98

For oppføringa er det lagt til grunn eit (eller fleire) av desse kriteria:
- Emnet gjeld Noreg.
- Forfattaren bur i Noreg.
- Boka er utgjeven i Noreg.

Ved utarbeiding av denne boklista har vi brukt ein database som dei fleste bokhandlarane i Noreg har tilgang til. Sjølv om det i denne databasen står at ei bok er i handelen, må vi ta atterhald om at boka likevel kan vera utseld. Vi må likeins ta atterhald når det gjeld prisen, som kan ha vorti sett opp i høve til prisen som står her. I dei få tilfella vi ikkje har fått tak i prisen, er dette markert med teiknet "-". Det fins sikkert bøker som lesarane saknar i lista. Redaksjonen i *Nytt om namn* vil derfor be deg om å kontakte oss om manglar og feil, så kan vi presentere ei tilleggsliste i eit seinare nummer.

I dei tilfella det ikkje står ISBN-nummer i listene (pkt. 1 - 6) må ein vende seg til utgjevaren, som står i hakeparentes bak tittelen.

Oppstillinga er ordna slik:
1. Allment om namn
2. Stadnamn
3. Personnamn
4. Dyrenamn
5. Festskrift som inneheld minst tre artiklar om namn
6. Andre bøker som inneheld ein del stoff om namn
7. Bøker som kan tingas direkte frå Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo
8. Rapportar frå NORNA-förlaget, Uppsala
9. Namnetidsskrift (eldre årgangar)

For bøkene i pkt. 1 - 6 har vi ført opp både ISBN-nummer og pris. Du treng berre å gi beskjed om ISBN-nummeret når du skal bestille boka i bokhandelen. Vi har derfor funni det unødvendig å føre opp forlag og utgjevingsstad. Bøker som har *82* fyrst i sifferet, er utgjevne i Noreg. Bøker med andre siffer, som altså er utgjevne i utlandet, kan det i somme tilfelle vera vanskelig å skaffe.

ISBN-nr.	Pris	**1. Allment om namn**
8213002776	252	Navn og navnegransking (1995), Nordisk inst., Univ. i Bergen.
8213005112	425	Navnegransking. Valgemne mellomfag. Del I (1996), Nordisk inst., Univ. i Bergen.
8213005120	360	Navnegransking. Valgemne mellomfag. Del II. (1996), Nordisk inst., Univ. i Bergen.
8213004507	265	Navnelære. Pensumartikler. Del II (1995), Nordisk mellomfag. Univ. i Oslo. Desse artikkelsamlingane kan ein også få ved å vende seg direkte til: Pensumtjeneste, tlf. 22578888, faks 22198702.

2. Stadnamn

8290451083 95 Akselberg 1984: Veg- og gatenamnleksikon for Vossabygdi.

8270992070 179 Hale 1993: Place Names in the Parish of Andebu.

8200228312 258 Hallaråker 1997: Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.

8272424172 158 Helleland o.fl. 1986: Adresser og stadnamn. Del 1: Handbok i kommunal adressetildeling.

8272429918 325 Helleland 1993: Adresser og stadnamn. Del 2: Stadnamn i offentleg og privat bruk.

8256009322 240 Hoel 1984: Bustadnavn i Østfold 1. Hobøl.

8200075575 255 Hoel 1985: Studier over bustadnavn fra Østfold.

8256011300 240 Hoel 1997: Bustadnavn i Østfold 2. Skiptvet.

8299307805 286 Imerslund 1993: Finske stedsnavn i Nordreisa.

8291024030 198 Krogsæter 1995: Stadnamn frå Sunnmøre. Ei artikkelsamling.

8250415035 17 Kulturdepartementet 1990: Lov om stadnamn av 18 mai 1990.

8290482086 180 Mathiesen (red.) 1991: Sámi kulturmittut / Samiske kulturminner. Håndbok i stedsnavnregistrering.

50 Myrvang 1974: Bjønntørk og reinkalvri. [Utg. Finn Myrvang, Føre, 8470 Bø i V.]

8299079195 60 Myrvang 1981: I havsauga. Andøya i stadnamn og kysttradisjon. A.

8290412045 60 Myrvang 1982: I havsauga. Andøya i stadnamn og kysttradisjon. B.

8290412924 150 Myrvang 1994: Nøkkelen til Utrøst.

8245801615 168 Ness 1996: Navn i fjorden. Oslo, Bærum, Asker.(S. 90-141 er fotografisk opptrykk (utdrag) av Indrebø 1929: *Stadnamn fraa Oslofjorden*..)

8270991872 218 Norsk språkråd 1991: Geografilista. Nynorsk/Bokmål.

8270991430 92 Rygh, Karl 1989 [1871]: Bemerkninger om stedsnavnene i den søndre del af Helgeland.

Rygh, Oluf: Norske Gaardnavne (utseld)

Desse bøkene er berre å få i antikvariat: *Norske Gaard–navne* (1-18), *Forord og Indledning* [til *Norske Gaard–navne*], *Norske Elvenavne* og *Gamle Personnavne i norske Stednavne* . Men om kort tid vil *Norske Gaardnavne* vera tilgjengelig på Internett:

http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html

8252149057 418 Sandnes og Stemshaug 1997: Norsk stadnamnleksikon.

8274330242 53 Schack (red.) 1994: Statsnavne og nationalitetsord.

Stadnamn frå Sogn og Fjordane. [Utg. av Fylkesarkivet, 5842 Leikanger.]

150 1. Bremanger.

150 2. Naustdal.

	150	3. Fjaler.
	150	4. Høyanger.
	150	5. Balestrand.
	150	6. Sogndal.
	150	7. Lærdal.
	150	8. Årdal.
8252125905	186	Stemshaug 1985: Namn i Noreg.
8270991759	125	Stemshaug 1991: Stridane om bynamna Fosna – Kristiansund.
8299458218	330	Storjord 1998: Tysfjord. Divtasvuodna. Samiske og norske stadnamn.
8200065715	30	Særheim 1984: Namn som fortel om oss. Handbok i innsamling og arkivering av stadnamn.
8270991333	185	Venås 1987: Norske innsjønamn 3. Hedmark fylke.
8299166829	150	Vågslid 1974: Stadnamntydingar II.
8299057906	40	Vågslid 1979: Stadnamntydingar III.
8299166810	40	Vågslid 1983: Stadnamntydingar.
8290186290	65	Vågslid 1984: Stadnamntydingar IV.

3. Personnamn

8200067203	109	Austbø 1986: Navneloven med kommentarer.
8257303607	69	Brøgger (red.) 1986: Kunnskapsforlagets navneleksikon.
8254100543	125	Det norske bibelselskap 1983: Navn i Bibelen.
8277760167	39	Fuun 1995: Hva skal barnet ikke hete?
	150	Gudlabadne. 1996. [Utg. av mållaga i Jondal, Odda og Ullensvang.]
8270992534	135	Konstantinov & Alhaug 1995: Names, Ethnicity, and Politics. Islamic Names in Bulgaria 1912-1992.
8252144837	387	Kruken og Stemshaug 1995: Norsk personnamnleksikon.
8251614422	99	Lautin (red.) 1997: Hva skal barnet hete?
8245801178	98	Navnedagboken (1996).
8270990671	92	Pettersen 1981: Personnavn i Vest-Norge 1450-1550.
8252120083	227	Stemshaug (red.) 1981: Norske personnamnstudiar.
8200231321	140	Stemshaug 1984: Tilnamn i norske gruvesamfunn – Kongsberg og Røros.
8240801102	198	Svanevik og Køste 1992: Den store navneboken.
8245800104	130	Svartberg 1997: Vi velger navn. 3800 jente- og guttenavn med betydning og opprinnelse.
0415135451	170	Valentine et al. 1996: The Cognitive Psychology of Proper Names.
8252136044	138	Veka 1991: Namneboka.
8299166802	125	Vågslid 1988: Norderlendske fyrenamn.
8276610773	200	Aasen 1998 [1878]: Norsk Navnebog. Red. av Kruken og Aarset. (Prisen (og ISBN-nummeret) gjeld den innbundne utgåva (boka kan også skaffas hefta).)

4. Dyrenamn

8252914691 286 Karbø og Kruken 1991: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg.

8270992127 194 Karbø og Kruken 1994: Blåmann og Lykle. Norske geitenamn.

5. Festskrift som inneheld minst tre artiklar om namn

5716100295 - Berkovsbók [Festskrift til Valerij Berkov 1996.]

8299256801 150 Eyvindarbók [Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 1992. Ein kan få tilsendt boka om ein kontaktar Jon Gunnar Jørgensen, Boks 1013 Blindern, 0315 OSLO.]

8270991880 323 Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991.

0805-4321 gratis Sámi báikenamat virggálas geavahusas Ruota, Sumoa ja Norgga bealde. 1995. [Festskrift til Knut Bergsland. Nummeret i margen er eit ISSN-nummer, ikkje eit ISBN-nummer.]

8270992917 367 Venås 1997: Målvitskap og målrøkt. Festskrift til 70-årsdagen 30. november 1997.

6. Andre bøker som inneheld ein del stoff om namn

8270991805 176 Helleland (red.) 1991: Norsk språk i Amerika.

8203151094 210 Johnsen (red.) 1987: Vårt eget språk (bind 2, hefta; innbundi kostar bandet kr 498.).

100 Myrvang 1977: Att i Ariblå [Utg. Finn Myrvang, Føre, 8470 Bø i V.]

8241702108 340 Torp og Vikør 1993: Hovuddrag i norsk språkhistorie.

8270991937 394 Venås 1992: I Aasens fotefar. Marius Hægstad.

- Vere 1993-95: Listamålet I-III. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne. [Eige forlag. Til sals i Sparebanken Sør, 4550 Farsund.]

7. Bøker som kan tingas frå Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo

(Adresse osv., sjå permen, bakre innside. Utselde bøker kan eventuelt skaffast som fotostatkopi.)

A. Nasjonale namnekonferansar (1981-1996):

uts. Nr. 1 (1981) Hovudemne: Samiske namnearkiv. Utgjeving av bustadnamn.

uts. Nr. 2 (1982) Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.

uts. Nr. 3 (1983) Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.

60 Nr. 4 (1985) Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamn–registrering.
60 Nr. 5 (1988) Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.
60 Nr. 6 (1990) Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.
60 Nr. 7 (1993): Stadnamn og kulturlandskapet.
60 Nr. 8 (1996): Namnegransking som studie- og undervisningsfag.

B. Årsmeldingar frå Seksjon for namnegransking (tidl. Norsk Stadnamnarkiv (fram til 1978), Institutt for namne–gransking (1979-89), Avdeling for namnegransking (1990-96), og no altså Seksjon for namnegransking (frå 1997)).

30 1977
uts. 1978
30 1979
30 1980
60 1981
uts. 1982
uts. 1983
100 1984
100 1985
uts. 1986
60 1987
60 1988
60 1989
30 1990
60 1991
30 1992
uts. 1993
30 1994
100 1995 Norsk stadnamnarkiv 75 år. 1921-1996.
60 1996

C. Skrifter og bøker frå Seksjon for namne–gransking

30 Ellingsve 1984: Islandsk navnebibliografi. Færøysk navne–bibliografi.
60 Hallesby 1945: Stedsnavnene i en Østfoldbygd (Østkroken i Are–mark).
60 Hovda 1944: Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke.
100 Hovda 1961: Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle méd–bøker.
uts. Larsen 1981: Norsk stadnamnbibliografi (utseld, kan skaffast som fotostatkopi).
60 Olsen: Stedsnavn og gudeminner i Land.
uts. Schmidt 1981: Fagordliste for norsk namnegransking (utseld, kan skaffast som fotostatkopi).
200 Veka 1995: Norske etternamn. Landsstatistikk og fylkesvis fordeling.

8. Rapportar frå NORNA-förlaget

(Adr.: Swedish Science Press, Box 118, S-75104 UPP-SALA, Sverige. Prisane er i svenske kroner.)

nr.	pris	
8	100	Binamn och släktnamn. Avgränsning och ursprung. 1975.
13	100	Ortsnamnsvård och ortsnamnsplanering. 1978.
17	100	Ortnamn och språkkontakt. 1980.
18	100	Sprogvidenskabelig utdnyttelse af stednavnematerialet. 1980.
23	100	Personnavnsterminologi. 1983.
25	25	Navne i Norden. Oversigt over nordiske navneinstitutioner og navnesamlinger. 1983.
26	100	Bebyggelsers og bebyggelsesnavnes alder. 1984.
28	100	Merking staðfræðilegra samnafna í örnefnum. 1985.
29	100	Regional och social variation i nordiskt personnamnsskick. 1985.
34	100	Nionde nordiska namnforskarkongressen. Lund 4-8 augusti 1985. 1987.
35	100	Nyere nordisk personnavnskikk. 1987.
37	100	Denotationsbyte i ortnamn. 1988
40	100	Namn i Norden och det forna Europa. Valda artiklar av Thorsten Andersson. 1989.
41	100	Stadnamn i kystkulturen. 1989.
43	150	Namn og eldre busetnad. 1990.
45	150	Analogi i navngivning. 1991.
48	150	Sakrale navne. 1992.
51	100	Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk. 1993.
52	100	Útgáva og atgongd. 1993.
54	100	Vikingetidens sted- og personnavne. 1994.
56	150	Övriga namn. 1994.
58	150	Slektsnamn i Norden. 1995.
60	150	Den ellevte nordiske navneforskerkongressen. Sundvollen 19.-23. juni 1994. 1996.
63	150	Ägonamn - struktur och datering. 1997
64	150	Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder. 1997.

9. Norske namnetidsskrift (eldre årgangar)

Namn og Nemne nr. 1 - 12 (1984-95) kr. 75 pr. hefte, nr. 13 (1996) kr 130,-, nr. 14 (1997) kr 150,-. Nr. 1-14 samla kostar kr 1180,-. Dei tidligaste årgangane fins berre i avgrensa opplag.

Nytt om namn nr. 1 - 26 (1984-97) kr. 15 pr. stk. Alle nummer unntatt: 3, 4, 9, 10, 13, 16, 18 og 19.

GA

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG WEB-SIDER

Dersom du skal kontakta nokon i redaksjonen av *Nytt om namn,* så kan du nå dei på fylgjande e-postadresser:

Gulbrand Alhaug: **Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no**
Peter Hallaråker: **Peter.Hallaraker@hivolda.no**
Botolv Helleland: **Botolv.Helleland@inl.uio.no**
Lars S. Vikør: **L.S.Vikor@inl.uio.no**

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne,* så er adressa slik:

Gunnstein Akselberg: **Gunnstein.Akselberg@hf.uib.no**
Oddvar Nes: **Oddvar.Nes@hf.uib.no**

Vil du tinge bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skrive, ringje, fakse eller e-poste:

Seksjon for namnegransking , Boks 1011 Blindern, 0315 OSLO
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post **Gunhild.Birkeland@inl.uio.no**

Seksjonen har denne heimesida:
http://www.hf.uio.no/inl/an/an.htm

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:
http://www.dokpro.uio.no

Ortnamnsarkivet i Uppsala: **Arkiv@OAU.uu.se**

International Centre of Onomastics/ICOS:
Willy.Vanlangendonck@arts.kuleuven.ac.be

United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN):
stabe@un.org

Heimesida til UNGEGN (som er eit eige oppslag under heimesida til the Canadian Permanent Committee on Geographical Names):
http://geonames.NRCan.gc.ca/english – opna så **United Nations** – deretter **United Nations and Geographical Names**.

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676